

BACHELOROPPGÅVE

Ringverknadsanalyse av Havyard Ship Technology i Hyllestad

av

9 Silje Gåsdal Hatlem
27 Belinda Charlotte Einen
1 Daniel Einen

Economic effects analysis of Havyard Ship Technology in Hyllestad

Økonomi og administrasjon

BO6-2000

KA692

Mai 2015

Ansvarleg for rettleiing har vore: Oddne Skrede Høgskulelektor, vår-semester 2015



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

27 Belinda Charlotte Einen

JA X NEI__

9 Silje Gåsdal Hatlem

JA X NEI__

1 Daniel Einen

JA X NEI__

Forord

Denne oppgåva er ein del av kurset Økonomi og Administrasjon og er skriven i samband med avsluttande bacheloroppgåve ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Bakgrunnen for val av tema er eit ynskje om å skrive ei oppgåve relevant innanfor samfunnsøkonomi og som baserer seg på ein treårig utdanning i økonomi og administrasjon, samt vår tilknytning til Hyllestad kommune gjennom vår oppvekst.

Vi har gjennom heile prosessen hatt eit godt forhold mellom gruppemedlemane, til tross for at vi ikkje alle tre er busett i Sogndal. Alle tre har i like stor grad bidratt til det endelege resultatet av oppgåva. Oppgåva har lært oss eit heilt nytt emne innan samfunnsøkonomi og regionaløkonomi, noko som har vore krevjande men interessant ettersom vi for augeblikket er busett i distriktet og ynskjer vidare kunnskap kor vidt Havyard har påverka heimbygda vår.

Vi ynskjer i denne samanheng og takke vår rettleiar gjennom heile semesteret Oddne Skrede, for å ha vore ein god støttespelar og vore til hjelp der vi sjølv har stått fast. Vi ynskjer óg å takke våre respondentar på Bacheloroppgåva; Havyard Leirvik, Hyllestad kommune, Bunnpris Leirvik og Ernas frisørstove, samt Iselin Fagerli Haug for korrekturlesing av oppgåva.

Economic effects analysis of Havyard Ship Technology - Abstract

The following study aims to identify and assess the affects and consequences made by Havyard Ship Technology within the chosen area. In order to address our previously stated thesis, we have used relevant research material including interviews and academic papers, published and provided by Havyard Ship Technology and local businesses affected by the rise of business. We have chosen to divide our study into two parts: one part consisting statistics from the past decade, second part describing relevant terms and formulas within regional economy. Focusing mainly on presenting a framework for classifications of affects, we are able to demonstrate how the designed framework can be used as a way of documenting positive and negative consequences caused by Havyard Ship Technology.

Havyard Ship Technology plays a major part in the employment sector and financial rise as they create and contributes to a constant evolving enterprise, both directly and indirectly. In addition to design and maintain this enterprise single-handed, Havyard Ship Technology provide financial support for development of other businesses, may they be small or big. Nearly 200 employees are hired by Havyard, causing the council to be responsible for 20% of the employment rate at the dockyard. Gross income for the company hits nearly 144 mill. NOK (2013) and is paid out as tax to the council and payment of costs.

By using material and sources relevant to our thesis, we have concluded that only the directly profitable businesses were measurable, whilst the smaller and indirect businesses prompted to be hard to estimate. As an overall impression and conclusion, it is obvious that Havyard Ship Technology is a major business conglomerate in Sogn and Fjordane.

Considering Havyard Ship Technology as your average cornerstone business, it is natural to believe that similar enterprises and geographical and economical comparable areas will have the same consequences financially such as Hyllestad has had so far.

Samandrag

Studiet er gjennomført med hensikt på å kartlegge Havyard Ship Technology si verdiskaping og ringverknader på regionen. For å svare på problemstillinga har vi brukt litteraturstudium og dokumentanalyse med bruk av intervju tilpassa offentleg sektor, Havyard Ship Technology og lokale verksemder. Vi har delt det teoretiske opp i ein statestikkdel og ein hovuddel, der vi har forklart omgrepa innan regionaløkonomi. Vi har i oppgåva lagt mest vekt på presentere eit rammeverk for klassifisering av ringverknader, og konsekvensane av dette.

Havyard Ship Technology bidreg i seg sjølv til sysselsetjing, verdiskaping og ringverknader i form av underleveransar og forbruk generert av inntekter frå direkte og indirekte sysselsetjing.

I tillegg er Havyard katalysator for utvikling av andre næringar - nær 200 er sysselsett ved Havyard og vertskommunen står for 52 prosent av sysselsetjinga på verftet. Netto verdiskaping er på 143,9 millionar kroner ved verftet per 2013 og blir fordelt som utbetalt lønn til sysselsetje og i form av skatteinntekter til kommunen.

Konklusjonen vi har komme fram til i vår ringverknadsanalyse er at dei direkte verknadane var mogleg å måle på ein presis måte, mens dei indirekte og induserte verknadane var langt vanskelegare å estimere. Vi kunne legge til grunn svært optimistiske føresetnadar i oppgåva, som gjer at Havyard Ship Technology står fram som ein viktige samfunnsaktørar.

I og med dette er ei gjennomsnittleg hjørnesteinsbedrift, vil det vere eit sannsyn for at andre liknande verksemder og regioner vil ha mange av dei same ringverknadane.

Innholdsliste

Figur- og tabelliste

<u>Kapittel 1: Introduksjon og bakgrunn for oppgåva</u>	8
1.1 Bakgrunn for oppgåva.....	8
1.2 Innleiing.....	8
1.3 Identifisering av problemet.....	8
1.4 Problemstilling.....	9
1.5 Avgrensing.....	9
<u>Kapittel 2: Fakta om regionen og Havyard</u>	11
2.1 Kort om regionen.....	11
2.2 Hjørnesteinsbedrifta.....	12
2.3 Andre verksemdar i regionen.....	13
2.4 Havyard tar samfunnsansvar.....	14
<u>Kapittel 3: Teori</u>	15
3.1 Statistikk.....	15
3.1.1 Skipsindustrien.....	15
3.1.2 Befolkning.....	16
3.1.3 Pendling.....	19
3.2 Regional økonomi – Kva er ein region?.....	22
3.2.1 Systemtilnærminga.....	22
3.3 Regionaløkonomiske ringverknadar.....	23
3.3.1 Eksterne verknadar.....	27
3.4 Kva er verdiskaping?.....	28
3.4.1 Utbetalt lønn etter skatt.....	29
3.4.2 Verdiskaping internt i verksemda.....	30
3.4.3 Framtidsutsikter sin verknad på verdiskaping.....	31
3.4.4 Verdiskaping ved skattar og avgifter.....	31
<u>Kapittel 4: Metode</u>	33
4.1 Problemstilling.....	33
4.2 Undersøkjingsdesign.....	33
4.3 Pålitelegheit og gyldigheit.....	34
4.4 Litteraturstudium og dokumentanalyse som metode.....	35

4.5 Gjennomføringa.....	36
<u>Kapittel 5: Empirisk datamateriale gjennom intervju</u>	37
5.1 Direkte verknader i bedriftene og regionen.....	37
5.2 Indirekte verknader.....	38
5.3 Industrierte verkander.....	39
5.4 Framtidsutsikter.....	39
<u>Kapittel 6: Diskusjon, konklusjon og forslag til endring</u>	41
6.1 Diskusjon.....	41
6.2 Konklusjon.....	46
6.3 Forslag til vidare arbeid og svake sider ved oppgåva.....	47
<u>Referanseliste</u>	49
<u>Vedlegg</u>	53

Figur- og tabelliste

Figur 2.1: Kart over regionen og

Figur 3.1 Innflyttingsoverskot per 1000 innbyggjarar 2014

Figur 3.2 Kart over netto innanlandsflytting 2013

Figur 3.3 Utpendling som del av sysselsette med bustad i kommunen 2013

Figur 3.4 Oversikt over bustadkommune

Figur 3.5 Oversikt over aldersfordelinga på Havyard

Figur 3.6 Regionaløkonomisk ringverknadsmodell

Figur 6.1 Netto verdiskaping ved Havyard i perioden 2009-2013

Figur 6.2 Oversikt over alle skattar og avgifter ved Havyard i perioden 2009-2013

Figur 6.3 Utbetalt lønn til dei tilsette ved Havyard i perioden 2009-2013

Tabell 3.1 Tal føretak og sysselsette innan skipsindustri/andre transportmidlar 2002

Tabell 3.2 Tal innbyggjarar i 1.januar 2014 og endringar i 2013

Tabell 3.3 Tal pendlarar inn og ut av kommunen og pendlingsbalansen 2013

Tabell 6.1 Netto verdiskaping ved Havyard, i perioden 2009-2013

Tabell 6.2 Oversikt over skattar og avgifter ved Havyard i perioden 2009-2013

Tabell 6.3 Utbetalt lønn til dei tilsette ved Havyard, perioden 2009-2013

Kapittel 1: Introduksjon og bakgrunn for oppgåva

1.1 Bakgrunn for oppgåva

Oppgåva vår er svært sentral når ein vil forklare kvaslags verknadane ei stor verksemd har på små bygder i distrikt Norge. Den kan òg forklare konsekvensane for nærmiljøet ved ei eventuell nedlegging. Vi føler temaet er viktig og relevant for oss som alle kjem frå distriktet, og har eller har hatt direkte tilknytning til Havyard Ship Technology. Vi ynskjer dermed å sjå nærare på korleis ei storverksemd påverkar nærmiljøet rundt seg.

1.2 Innleiing

Ei verksemd skapar verdier ved bruk av arbeidskraft, realkapital (maskiner, utstyr), energi og teknologi. Desse verdiane fordelast mellom dei sysselsette, eigarane og stat/kommune. Dei tilsette mottar lønn og sosiale ytingar. Kapitaleigarane mottar renter og overskot på sine investeringar. Underleverandørar mottar betaling for varer og tenester. Vidare mottar stat, fylke og kommune sin del i form av inntektsskatt og avgifter. Vi ynskjer her å ta for oss Havyard Ship Technology, som er den desidert største aktøren i ytre strøk av Sogn og Fjordane.

Sidan distrikt Norge slit stadig med fråflytting, og det er ein av hovudgrunnane til det er mangel på arbeidsplassar, så er Hyllestad kommune heldige som har ein så stor aktør som Havyard Ship Technology liggande i kommunen. Både når det gjeld arbeidslivet, men òg når det kjem til aktiviteten det elles skapar i kommunen. Noko av det som er interessant med Havyard Ship Technology er kor mykje av netto verdiskaping, som blir lagt igjen i regionen gjennom ringverknader.

1.3 Identifisering av problemet

Vi vil i denne oppgåva finne ut korleis regionen rundt ei verksemd blir påverka av Havyard Ship Technology. Skipsverftsverksemda i Leirvik har i meir enn eit halvt hundrede år vore ein av dei viktigaste økonomiske verknadane for innbyggjarar i ytre Sogn og Sunnfjord. I 2008 sysselsette verftet 700 menneskje, der 200 av dei var fast tilsette (Hjørnesteinsverksemda Løland Verft, ukjent). Verftet sine ringverknader har i stor grad påverka lokalverksemder. Til

dømes var Rysjedal Elektro tidlegare den største lokale tenesteleverandøren til verftet, og Leirvik Kro og Motell har drive kantine og catering til verftet (Hjørnesteinsverksemda Løland Verft, ukjent). Havyard Ship Technology har med andre ord bidrege sterkt til ei høg verdiskaping i eit lite samfunn. Dette og har truleg påverka samfunnet i så stor grad at desentralisering og nedleggingar av lokalverksemder til ei viss grad ikkje har hemma vekst i like stor grad som andre lokalsamfunn, som har vore utan ein stor økonomisk aktør.

1.4 Problemstillinga

Problemstillinga i vår oppgåve blir som følgjande: Kva regionaløkonomiske konsekvensar har Havyard Ship Technology Leirvik?

Hovudpunkta for kva verknader som fører til verdiskaping er lista opp under:

- Direkte verknader av selskapa vil seie samla tal tilsette, eventuelle kjøp hos underleverandørar og sponing av nærmiljøet.
- Multiplikatorverknader er indirekte samfunnsverknader som underleveransar og dei tilsette sitt kjøp av varer og tenester.
- Tilflyttingsverknader med netto tilflytting på grunn av fleire arbeidsplassar som skapa etterspurnad etter fleire bustader.
- Inntektsverknader av bedrifter vil seie kommuneinntekter, og anna aktivitet i næringsliv og offentleg sektor.

1.5 Avgrensing

Vi ynskjer å fokusere på Havyard Ship Technology sin verknad på nærmiljøet rundt, vi vil dermed ikkje ta for oss dei verknadane Havyard Ship Technology har på leverandørar og kjøparar av skipsverftstenester, med mindre det er snakk om verksemder som har si hovudverksemd i nærmiljøet. Dette betyr at vi vil ikkje sjå på Hyllestad si utvikling i seg sjølv, men korleis Havyard Ship Technology påverkar Hyllestad og HAFS regionen, både når det gjelder lokale verksemder og kommunen.

Sysselsetjing kan reknast ut både i form av årsverk og av tal personar. I kartlegginga av sysselsettingsmessige verknader har vi fokusert på tal sysselsette. Dei sysselsettingsmessige ringverknadane tolkast med varsemd. Mens vi med stor grad av presisjon kan anslå dei direkte


verknadane er det ei umogleg oppgåve å lage ein fullstendig oversikt over ringverknadane. Det vi har gjort er å nytte ulike metodar for etter beste evne å kunne synleggjere omfanget av verknadane.

Kapittel 2: Fakta om regionen og Havyard

Hensikta med dette kapitlet er å gi grunnleggjande kjennskap til Havyard Ship Technology og regionen rundt, samt nokon andre verksemde som er knytt til regionen. Vi vil vidare i oppgåva referere til Havyard eller verftet, når vi snakkar om Havyard Ship Technology.

2.1 Kort om regionen

Uavhengig av om regionane er store eller små, kan ein avgrense ut frå ulike kriterium. Vi har sett på samanknyttinga mellom bustadområde og arbeidsplassen Havyard.



Figur 2.1: Kart over regionen

Figur 2.1 viser Hyllestad kommune og lokaliseringa til Havyard. Den viser òg nabokommunane og sentrale bygder/tettstader der arbeidarar på verftet bur. Flest pendlarar kjem frå Lavik i Høyanger kommune.

For å få eit ymt av den samfunnsmessige verdien til Havyard, vil vi nå forklare nærare om regionen. Havyard er plassert i Leirvik i Hyllestad kommune, som er ein del av regionen Ytre Sogn. Distriktet omfattar kommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Høyanger, Vik og Balestrand. Eit samarbeid mellom fem kommunar i Ytre Sogn og Ytre Sunnfjord, blir også rekna som ein av dei fire regionane i Sogn og Fjordane, og har fått namnet HAFS. HAFS har

fått namnet frå dei fire samarbeidskommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund, inkludert eit nært samarbeid med Gulen. Dalsfjordbrua mellom Fjaler og Askvoll som stod ferdig i Desember 2013, resulterte at HAFS-regionen vart ein større bu- og arbeidsmarknad ved å forenkle tilkomstmoglegheitene.

Hyllestad kommune er ein liten kommune med folketal på omlag 1405 per 1.1.2015 (SSB, 2015). I 2009 fekk Hyllestad kommune status som omstillingskommune og ein omstillingskommune har mista arbeidsplassar som påverka skatteinntektene. Det igjen gjer det utfordrande å omstille seg til ny næring og få inn ny skatteinntekt. Omstillingsperioden til Hyllestad kommune varer ut 2015, i denne perioden har dei mottatt ekstra midlar til å jobbe med næring- og samfunnsutvikling. Havyard eig 14,3% i Hyllestad Utviklingspark, som er eit resultat av omstillingskommunen sitt arbeid for å utvikle eit meir robust næringsliv i kommunen (Hyllestad Utviklingspark, 2014). Det vil dei gjere ved å legge til rette eigedom for etablerte eller nye verksemdar, noko som skapa både arbeidsplassar og aktivitet i kommunen.

2.2 Hjørnesteinsbedrifta

Havyard, tidlegare Løland Verft, er eit skipsverft i Leirvik i Hyllestad kommune og har vore ei av dei viktigaste hjørnesteinsbedriftene i ytre Sogn i over 50 år. Det heile starta som Løland motorverkstad og vart skipa av Jonas Løland frå Leirvik i 1928, som ei familieverksemd med far og seks søner. Den gang leverte dei turbinar til over 50 kraftverk. Den fyrste båten som vart bygd ved Løland Motorverkstad var “Loftesnesferja” i 1938, den skulle takast i bruk over Loftesnessundet i Sogndal. I 1950-åra leverte verftet fleire fiskebåtar til norske reiarlag og i 1961 kom det fyrste byggeoppdraget frå Island. Verksemda vart medlem i Vestlandske Fartybyggjarlag i 1955 og laget organiserte i åra som fylgde fleire byggeoppdrag og finansiering for fiskebåtar både til Island og Færøyane. I 1969 vart verksemda aksjeselskap med nytt namn - Løland Verft A/S. I 1975 vart det utvida til eit nytt skipsverft, med overbygd tørrdokk og djupvasskai med innløpet til Bøfjorden, der det står i dag. Den gang skipsverftet vart teke i bruk i 1978, var prislappen komme på 42,8 millionar kroner, mens anlegget sine opphavlege kostnader var rekna til 20 millionar kroner. Dette førte til at John Kleven, saman med Fylkesbaatane og Løland-familien, gjekk inn og skipa selskapet Kleven Løland A/S. Sidan Kleven-gruppa gjekk inn i Kværner-konsernet, fekk verftet namnet Kværner Kleven Leirvik A.S i 1990. Då Kværner-konsernet kom i økonomiske vanskar i 1999, vart verftet i

Leirvik seld til selskapet Havyard og har sidan då vore Havyard. Det nye namnet Havyard Ship Technology AS vart tatt i bruk i 2011 (Hjørnesteinsverksemda Løland Verft, ukjent). Etter tal frå februar 2015 er det 199 fast tilsette, derav over halvparten av dei tilsette er frå Hyllestad.

Med 199 faste arbeidsplasser og endå fleire innleidde arbeidarar er Havyard Ship Technology AS hjørnesteinsbedrifta i Hyllestad kommune. Avdelinga i Leirvik kan ein sjå på som ei hjørnesteinsbedrift, både fordi verksemda er stor i forhold til det samfunnet den ligg i og fordi den er avgjerande for sysselsetting og utvikling av lokalsamfunnet (Hjørnesteinsbedrift, 2014).

2.3 Andre verksemdar i regionen

Midt i Leirvik sentrum ligg Leirvik Senter. Der finn ein daglegvarebutikken Bunnpris, samt Erna's frisørstove, Accountor Hope Rekneskap AS og andre små verksemdar. Det er óg to andre daglegvarebutikker i Hyllestad kommune, ein på Hyllestad og ein på Sørbøvågen. For pendlarane som kjem frå Lavik og Høyanger kommune, så er daglegvarebutikken Bunnpris, i Lavik viktig og i Lavik er det óg ein Statoil bensinstasjon. Elles i Leirvik finn ein Hotel Sognefjord som tidlegare var Leirvik Kro og Motel, som blir brukt til blant anna konferansar, grupper, turisme eller arbeidarar som har oppdrag i kommunen. I Leirvik sentrum har MultiVolt óg etablert seg. I 2015 er det drifta etter konsernmodellen med MultiVolt Holding AS som morselskap med to driftsselskap, MultiVolt Maritim AS og MulitVolt AS. Morselskapet har og aksjar i MultiVolt Offshore AS som ligg i Gulen kommune. Dei forskjellige selskapa jobbar blant anna med installasjonsarbeid innan fornybar energi, industri, privatmarknaden, installasjonsarbeid og tilhøyrande aktivitetar innan fiskeoppdrett, skip, offshore og maritime installasjonar (MultiVolt 2015). I 1979 vart Rysjedal Elektro AS etablert av lokale interesser, og var tidlegare ein av dei største tenesteleverandørane til Havyard (Hjørnesteinsverksemda Løland Verft, ukjent). I 2010 endra dei namn til HAFS Elektro AS, og i 2012 fusjonerte verksemda med Wergeland Elektro & VVS AS og fekk namnet HAFS Elektro & Rør AS. I dag er verksemda lokalisert i kommunane Gulen, Hyllestad, og Solund, samtidig som dei tar oppdrag i kommunane Askvoll, Fjaler og Høyanger (HAFS Elektro & Rør AS, ukjent). Dale vidaregåande skule er den einaste vidaregåande skulen i HAFS-regionen og skulen tilbyr både studiespesialisering og yrkesretta utdanning med påbygg. I skuleåret 2011/2012 gjekk det i overkant av 150 elevar på skulen

(Dale vgs, ukjent). Dei siste åra har det vore hardt press mot nedlegging av fleire linjer frå fylkeskommunen, men så langt har skulen klart å vinne kampene for og behalde linjene gjennom kampanjar og eit sterkt engasjement hjå lokalbefolkninga.

2.4 Havyard tar samfunnsansvar

I årsrapporten til Havyard frå 2013 kjem det fram at:

Verftet i Leirvik (Havyard Ship Technology AS), har blitt sertifisert for sitt fokus på miljø gjennom tildeling av miljøsertifikatet ISO 14001. Dette er en internasjonal standard for miljøstyring, som krever at selskapet utarbeider målsettinger og aktivt reduserer bedriftens miljøbelastninger. Eit eksempel på at verksemda jobbar kontinuerleg mot miljøbelastningar, er at i 2014 var Havyard dei fyrste til å bytte ut dieselgeneratorar med landstraum i byggeperiodane. Dette gjev både ein økonomisk og ein miljømessig gevinst. Verftet kan forårsake stor støybelastning for naboane, men ved å nytte landstraum vil støybelastninga ovanfor naboane bli lågare. Det er óg ein fordel for kundar som kjem tilbake til verftet for utbetring av skipa at dei slepp å køyre på diesel når dei ligg til kai (Maritim Magasin, 2014). For Havyard er det viktig å støtte opp under lokal miljøet og det har dei gjort ved å bidra med ei ny linje ved Dale Vidaregåande skule. Dette finner vi igjen i ei pressemelding som kom 12.januar 2015. Stortinget godkjente ei heilt ny yrkesfaglinje ved Dale vidaregåande skule, Vg2 Maritim produksjonsteknikk. Der har skulen også fått til eit heilt nytt fagbrev; Maritim innreiing. Havyard er ei av verksemdene som står saman med Martime Montering og dei garanterer 12 læreplassar kvart år.

Kapittel 3: Teori

I dette kapittelet vil vi greie ut for kva vi meiner er relevant teori i førehald til denne oppgåva.

Heilt fyrst i teoridelen har vi valt å vise til statistikk, dette er for å gje eit betre bilete av skipsindustrien, samt kjennskap til befolkning og pendling både på nasjonalt og lokalt nivå. Hovudteoridelen har vi delt inn i tre delar, i den fyrste delen går vi inn på regional økonomi, dette er for å gje ein grunnleggande kjennskap til omgrepet, samt vil vi gå innpå kvifor ein bør sjå på ein region som eit system. Vidare går vi til teorien som omhandlar ringverknadsanalyse innanfor regionaløkonomien. I tredje og siste del presenterer vi teori der vi skal forklare og syne utrekningar innan verdiskaping i regionar.

3.1 Statistikk

3.1.1 Skipsindustrien


Størrelse	Ingen ansatte	1-19	20-49	50-99	100 <	Sum
<i>Nasjonen</i>						
Foretak	508	439	116	41	62	1 166
Sysselsatte	0	2 519	3 571	2 851	23 316	32 257
Sysselsatte %	0	7,8	11,1	8,8	72,3	100
<i>Hvorav Vestlandet</i>						
Foretak	171	260	63	22	37	553
Sysselsatte	0	1 068	2 014	1 493	12 848	17 423
Sysselsatte %	0	6,1	11,6	8,6	73,7	100

Tabell 3.1 Tal føretak og sysselsette innan skipsindustri/andre transportmidlar 2002, nasjonale tal og tal for Vestlandet, Samfunn- og næringslivsforskning AS.

På grunn av den lange kyststripa til Norge og behovet for internasjonal handel, var skipsfartsnæringa lenge ein av dei aller viktigaste næringsvegane i Norge. Med mykje skipsfart inn og ut av Norge la det grunnlaget for alle skipsverfta langs Norskekysten (SSB, 2009).

I dei forskjellige fylka på vestlandet set skipsverfta på ei stor mengde med forskjellig kunnskap innan skipsindustri. På sørvestlandet finn vi spesialisering innan petroleumsektoren, medan Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har eit ganske breitt spekter av kundar og marknadsorienteringar. Der er det alt i frå små reparasjonsverft til store verft som er retta mot den internasjonale marknaden. I tabell 3.1 ser vi at vestlandet har nesten halvparten av føretaka i Norge innan skipsindustri/andre transportmidlar. I 2002 var det 17 423 sysselsette innan dei verksemdene på vestlandet, medan det var 32 257 på landsbasis, altså var over 50% av dei sysselsette på vestlandet. (Rusten, 2004, s.57).

3.1.2 Befolkning



Figur 3.1 Innflyttingsoverskot per 1000 innbyggjarar, 2014, KommuneProfilen.

I Sogn og Fjordane blir det heile tida jobba for at det skal bli større innflytting og mindre utflytting, spesielt i distrikta. I figur 3.1 ser vi ei oversikt over fylka i Norge med innflyttingsoverskot per 1000 innbyggjarar. Flytting per 1000 innbyggjarar er rekna ut i forhold til middelfolkemengda i året og middelfolkemengda er gjennomsnittet av folkemengda ved byrjinga og utgangen av året (SSB, ukjent). Innflyttingsoverskotet blir rekna ut ved innflytting minus utflytting i fylket og det omfattar berre flytting mellom kommunar, ikkje innvandring og utvandring. Sogn og Fjordane var i 2014 på nest siste plass med -7,8, som utgjer eit utflyttingsoverskot på om lag 850 stykke. Dermed er fylket i selskap med dei nordlegaste fylka om å ha lågast innflyttingsoverskot i landet.



Region/Kommune	Antall innbyggere	Endring fra førige år		% -Andel av befolkningen i:	
		Antall	Prosent	Landet	Eget fylke
Høyanger	4 183	-39	-0,9	0,082	3,84
Bremanger	3 950	5	0,1	0,077	3,63
Jølster	3 070	-8	-0,3	0,060	2,82
Askvoll	3 011	-7	-0,2	0,059	2,76
Gaular	2 928	5	0,2	0,057	2,69
Fjaler	2 853	-18	-0,6	0,056	2,62
Selje	2 782	-7	-0,3	0,054	2,55
Naustdal	2 776	63	2,3	0,054	2,55
Vik	2 688	-43	-1,6	0,053	2,47
Gulen	2 315	10	0,4	0,045	2,12
Leikanger	2 268	13	0,6	0,044	2,08
Lærdal	2 174	-2	-0,1	0,043	2,00
Aurland	1 715	1	0,1	0,034	1,57
Hyllestad	1 391	-37	-2,6	0,027	1,28
Balestrand	1 306	-31	-2,3	0,026	1,20
Hornindal	1 223	-15	-1,2	0,024	1,12
Solund	815	-27	-3,2	0,016	0,75

Tabell 3.2 Tal innbyggjarar i 1.januar 2014 og endringar i 2013, KommuneProfilen.

I tabell 3.2 kjem det fram kor mange innbyggjarar det var i HAFS kommunane 1.januar 2014, og om det var negativ eller positiv endring i innbyggjartalet i løpet av året 2013. Hyllestad hadde i underkant av 1400 innbyggjarar i starten av 2014, med ei negativ endring på 37 personar sidan starten av 2013. Den negative trenden i Hyllestad er noko mange av kommunane i fylket og slit med. Når vi ser på dei resterande HAFS kommunane og Høyanger kommune har alle ei negativ endring i innbyggjartalet frå 2013 til 2014 (KommuneProfilen, 2014).

Nokon av grunnane til dette er blant anna større utflytting til andre kommunar i Norge enn det er innflytting i kommunane - utvandring enn kva det er innvandring. Figur 3.2 viser alle kommunane i HAFS og Høyanger kommune hadde netto utflytting i 2013. Hyllestad og Fjaler var og to av fire kommunar i fylket som hadde netto utvandring i 2013 (Kristoffersen, 2014).

Netto innlands flytting for 2013




Figur 3.2 Kart over netto innanlandsflytting for 2013, Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

3.1.3 Pendling

Region/Kommune	Andel innpendlere og utpendlere. Prosent		
	Innpendlere som andel av sysselsatte med arbeidssted i kommunen (%)	Utpendlere som andel av sysselsatte bosatt i kommunen (%)	Pendlingsbalanse - som andel av sysselsatte med arbeidssted i kommunen (%)
1413 Hyllestad	28,2	30,9	-3,8
1422 Lærdal	22,9	30,4	-10,8
1444 Hornindal	22,0	42,6	-35,8
1431 Jølster	22,0	50,3	-57,0
1429 Fjaler	21,4	26,4	-6,7
1433 Naustdal	20,5	65,5	-130,7
1443 Eid	18,7	25,5	-9,1
1421 Aurland	18,0	22,4	-5,7
1416 Høyanger	16,0	26,2	-13,8
1439 Vågsøy	15,8	17,4	-1,9
1418 Balestrand	15,2	31,0	-23,0
1401 Flora	14,9	18,4	-4,3
1449 Stryn	14,7	15,1	-0,5
1441 Selje	14,5	27,9	-18,6
1426 Luster	13,9	34,4	-31,2
1445 Gloppen	13,5	21,1	-9,7
1424 Årdal	12,2	12,2	0,0
1438 Bremanger	9,2	20,6	-14,3
1412 Solund	8,9	22,1	-17,0
1428 Askvoll	8,9	31,4	-32,9

Tabell 3.3. Tal pendlarar inn og ut av kommunen og pendlingsbalansen 2013. KommuneProfilen.


I Sogn og Fjordane er det vanleg med pendling inn og ut av kommunen i samanheng med arbeidsplassar. I 2013 hadde Sogn og Fjordane ein pendlingsbalanse på -4,6% (KommuneProfilen, 2013). Det vil sei at det var ein større del av dei sysselsette i kommunen, som pendla ut av kommunen, enn inn. I tabellen 3.3 ser vi at Hyllestad kommunen har ein negativ pendlingsbalanse på -3,8%, men i forhold til kommunane Askvoll, Fjaler, Solund og Høyanger har Hyllestad ein mindre negativ pendlingsbalanse.



Figur 3.3 Utpendling som del av sysselsette med bustad i kommunen. Prosent 2013, Kommuneprofilen.


Figur 3.3 viser del prosent av utpendlarar der både Hyllestad kommune og Askvoll kommune har like stor del på omtrent 31 prosent, som gjer at dei ligg på 5-7.plass over utpendling av kommunane i Sogn og Fjordane. Forskjellen mellom dei to er at Hyllestad har ein langt større del som pendlar inn enn kva Askvoll har, sjølv om Askvoll har dobbelt så stort innbyggjartal. Hyllestad ligg best an i regionen, når det gjeld størst del som pendlar inn av sysselsette med arbeidsstad i kommunen. Ein må ta omsyn til at Hyllestad kommune er ein av dei minste kommunane målt i tal innbyggjarar (KommuneProfilen, 2013).

Sidan Havyard er den største verksemda i Hyllestad kommune, så er verksemda veldig avgjerande for arbeidsplassar i kommunen og kommunane rundt. Ut frå opplysningar vi har fått frå Havyard så er over halvparten av dei tilsette (52%) frå Hyllestad kommune. Det er også stor grad av pendling frå dei næraste kommunane, 17% frå Høyanger kommune og 10% frå Fjaler kommune. Elles er dei resterande tilsette frå mange forskjellige kommunar.



Figur 3.4 Oversikt over bustadkommune

Havyard har og gitt oss opplysningar om korleis aldersfordelinga er på Havyard. Det er ein ganske jamn aldersfordeling, men med litt større del av tilsette mellom 35-45 år. Det er ein litt mindre del av tilsette i alder 18-25 år og tilsette over 65 år. I Sogn og Fjordane blir det heile tida jobba mot at unge vaksne skal etablere seg i fylket, og i distrikta. Det er derfor viktig med tiltrekkande arbeidsplassar i fylket, og Havyard har forskjellige rekrutteringsprogram som Trainee og Summer Internship for å lokke dei unge til verksemda og til fylket.



Figur 3.5 Oversikt over aldersfordelinga på Havyard

3.2 Regional økonomi - kva er ein region?

“A relevant question, though the experienced regional economist knows better than to raise it, is: What is the unit to which the theory of regional growth applies? In other words, how do we define a region? Many hundreds of thousands of words have been written on this topic without coming to a fully satisfactory answer.” (richardson 1973)

Geografi og økonomi er kjernefaga i regional økonomi. Strevet med å forstå regional økonomisk utvikling er eit felles prosjekt for mange fagdisiplinar. Forskarar med fotfeste i statsvitskapen, sosiologien og føretaksøkonomien har alle komme med vesentlege tilskot (Teigen, 1999, s.20).

Regionaløkonomien er interessert i å forstå lokalisering av slik aktivitet, romleg integrasjon, interaksjon og organisasjon. Basisaktivitetane er produksjon, konsum og byte (eller handel) og korleis desse blir styrte gjennom “regulatorane” tilbod, etterspurnad og pris. Dette har faget til felles med økonomien. Den romlege dimensjonen fokuserer på avstand, kontaktmønster, natur og klima. Dette tek faget frå geografien. Dessutan er tema som menneskelege relasjonar, kultur og demografi viktige element i delar av faget (Teigen, 1999, s.21).

3.2.1 Systemtilnærminga

Vitskapsteoretisk forstår vi det økonomisk-geografiske systemet på linje med andre sosiale system (politiske, religiøse, kulturelle). Kva meiner ein så med regionar som “system”? Systemtilnærminga fører med seg at aktørar ikkje blir studerte isolert, men i relasjon til andre aktørar. Ein forstår den regionale utviklinga som interaksjon og integrasjon mellom fleire aktørar som til saman blir analyserte innan ei systemtilnærming. Aktørane varierer frå stad til stad og frå analyse til analyse. Dei er menneske, føretak, organisasjonar og institusjonar som gjennom aktivitetane sine til saman påverkar og formar det økonomiske landskapet: bønder, gruveselskap, det multinasjonale selskapet, offentlig forvaltning og friviljuge organisasjonar.

Fordelen med systemtilnærminga er sjølvsagt heilskap og samanheng, men også potensialet med omsyn til generalisering. Regionaløkonomiske modellar kan ta den minste regionale eininga, som til dømes arealet innan skigarden versus ei utvikling med handel og varebyte. Dette kan med eksplisitte modifikasjonar og endringar tillempast på større regionar frå grenda til høgre lokale, nasjonale og fleirnasjonale nivå.

Eit viktig skilje går mellom lukka og opne system og vanlegast er å analysere innan rammene av det opne system. Det vil seie at ein føreset at alle val og handlingar ikkje berre har ein primær effekt i ein enkelt input-output-modell, men at feed-back-mekanismar frå omgjevnadane må inkluderast i teori og modell. Med input-output-modell meiner ein studie av effektar som ulike sektorane har på økonomien i sin heilskap, for ein bestemt region. Sagt på ein anna måte: Regionaløkonomisk analyse legg ikkje til grunn at nokon har makt til å gjere endringar utan reaksjonar frå andre aktørar.


I tråd med slektskapen til økonomifaget går ein ofte vidare frå teori til modell. Gjennom modellane forenkler ein det regionale mangfaldet til noko vi kan forstå til “vår storleik”. Men modellane er reiskapar som ikkje berre blir brukte til å forstå, men også til å predikere. Gitt føresetnadene og forenklingane i modellen søker ein å gje svar på spørsmål av typen: Korleis vil det gå med regionen vår i framtida? Dersom regionen også er ein politisk-administrativ region det vil seie ein aktør, kan ein gjennom modellane prøve å seie noko om korleis ulike val påverkar utviklinga i regionen (Teigen H. 1999).

3.3 Regionaløkonomiske ringverknader

Ei hjørnesteinsbedrift har for det fyrste ein økonomisk innsprøytingseffekt. Det tilfører regionen inntekter, som utløyser auka etterspurnad etter varer og tenester og påfølgjande inntekts- og aktivitetsauke i den regionale økonomien.

Dei regionaløkonomiske ringverknadane til ei verksemd kjem enkelt sagt av at regionen tilførerast inntekter og verdiskaping. Noko ein ikkje ville fått utan dei aktivitetane, som verksemda fører med seg (Sand, Carlsson, Lurfald og Sivertsen, 2014, s.18). Andre produksjonsfaktorar kan enten vere varer og tenester, som er produserte i regionen, eller blir importerte utanfrå. Her er det også interessant om ein nyttar seg av lokalt produserte varer og tenester. Noko som vil føre til auka produksjon i andre bedrifter (Teigen 1999, s.85)

I denne oppgåva har vi lagt vekt på regionaløkonomiske ringverknadsanalyse. I ei slik analyse fokuserast det på å belyse korleis aktivitet frå ei verksemd, skapar grunnlag for verdiskaping i eiga verksemd (direkte verknad) og i andre sine verksemdar i regionen, gjennom indirekte verknader. Regionen kan vere fylker, arbeidsmarknadsregionar eller enkeltkommunar, og vart nærare definert i kapittel 2. Vi har i denne oppgåva valt å ta utgangspunkt i ein ringverknadsmodell for direkte, indirekte og “bosettings- og inntekts”-verknader i verksemdar. Modellen kan sjåast i figuren under.



Figur 3.6: Regionøkonomisk ringverknadsmodell (Sand, 2012)

Figur 3.6 illustrerer på ein enkel måte dei såkalla ringverknadane og korleis desse forsterkar dei initiale verknadane. Ein måte å forklare modellen på kan til dømes vere ei bedrift som leggast ned. Det vil føre med seg arbeidsledigheit for eigne tilsette og fall i omsetning hjå underleverandørar. Dette gjev vidare redusert inntekt og lokal etterspurnad for dei arbeidsledige - *Direkte effektar i selskapet*. Neste trinn kan vere nedbemanning hjå underleverandør og auke i tal arbeidsledige. Samtidig begynner personar å flytte på seg, fordi dei lokale jobbutsettene er svake. Dette gjev verknader i form av redusert inntekt for kommunen og ein nedgang i etterspurnaden i anna lokalt næringsliv - *indirekte verknader*. Desse må igjen nedbemanne og vi får ytterleg redusert etterspurnad. *Breie piler* i figuren viser dei mest sentrale verknadane, kvar direkte verknader gjev indirekte verknader gjennom underleverandørar og eigarar. Dei tynne pilane i modellen viser at ein vidare får verknader for generell etterspurnad og busetjing, som igjen kan tenkast å gje inntektsverknader for selskapa vi studerer, til dømes færre nettkundar og færre arbeidstakarar i området, som kan tenkast å søkje ein jobb (Sand, 2012, s.20-22).

Éin hensiktsmessig måte å kategorisere verknadane på, kan vere å skilje mellom direkte-, indirekte-, induserte- og katalysator-verknader.

Dei *direkte verknadane* definerast som driftsavhengige verknader som i sin heilskap kan koplant til verksemda. Denne type verknader er blant anna tal tilsette, lønn, betalte skattar og avgifter og lokale og regionale kjøp av varer og tenester. I tillegg kan det vere anna lokal og regional samhandling, som sponning og spesielle bidrag når det gjelder aksjekapital eller andre bidrag til etablering og vekst i andre lokale og regionale verksemdar (Kjærland, Mathisen og Solvoll, 2012, s.51-60).

Dei *indirekte verknadane* er ringverknader for korleis dei direkte verknadane skapar grunnlag for aktivitet i andre verksemdar og det offentlege i regionen. Dette kan vere i form av endringar i omsetning og sysselsetjing for underleverandørar, endringar i inntekter og arbeidsmoglegheiter for arbeidstakarar som gjelder desse verksemdene, og vidare inntekts- og konsumverknader for det offentlege og regionalt næringsliv (Kjærland, Mathisen og Solvoll, 2012, s.51-60).

Induserte verknader er ringverknader som viser korleis verksemda sine lønnsverknader og utbytte gjev grunnlag for etterspurnad etter konsum- og investeringsvarer både frå verksemdene og dei tilsette. Dette bidreg til auka produksjon og sysselsetjing i regionen, og dermed til auka inntekter, både direkte og indirekte (Kjærland, Mathisen og Solvoll, 2012, s.51-60).

Katalytiske verknader er ringverknader der verksemda si verksemd påverkar økonomisk produktivitet lokalt og regionalt, inkludert korleis den påverkar etablering, investering og handel. Cooper og Smith (2005), opererer med tre former for katalytiske verknader:

1. Lokaliseringseffektar (bedrifter og tilsette)
2. Effektar på handel og reiseliv (etterspurnadsida)
3. Effektar på produktivitet og investeringar (tilbodssida)

Den fyrste effekten handlar om kor vidt fleire verksemdar vel å lokalisere seg rundt ei verksemd. Dersom det dukkar opp ei verksemd B, som følgje av den eksisterande verksemda

A, vil sysselsetjinga i B vere ein katalytisk verknad, så lenge B ikkje er ein direkte eller indirekte leverandør til A.

Den andre effekten handlar om dei arbeidsplassane som oppstår som fylgje av konsumet til dei som nyttar seg av verksemd A.

Den tredje effekten går på produktivitet og investeringar. Den eksisterande verksemda A, kan auke produktiviteten til verksemd B, som ligg i nærleiken. Dette kan igjen påverke investeringar og sysselsetjing.

Sjølv om katalytiske verknader er reelle, er dei erfaringsmessig vanskeleg å anslå nøyaktig, og det er fare for å telje enkelte av verknadane dobbelt (Oslo economics, 2014, s.9).

I tillegg til dei tradisjonelle verknadane i figuren har vi lokaliseringsverknader for verksemda, kor heile eller delar av aktivitetane i verksemda kan vere utløyst av samhandling med selskapa vi studerer verknadane av. I tillegg har vi meir generelle lokaliserings- og investeringsverknader for arbeidskraft og verksemdar. Dette er verknader som kan komme i ein region, fordi det er tilgang på visse typar arbeidskraft eller det er næringsvekst og optimisme. Ein kan også kalle denne type verknader for indirekte verknader, men dei er vanskeleg å anslå.

Dei indirekte og induserte verknadane som kjem i følgje av ei verksemd er ofte referert som “multiplikatoreffektar”, sidan dei kan gjere dei samla økonomiske verknadane vesentleg større enn dei direkte effektane aleine.

Eksport, import og faktorflyt er sentrale omgrep som ein kan relatere direkte til figuren. Eksporten er heilt sentral i og med at det er etterspurnad utanfrå som dreg det heile i gang. Etterspurnaden etter andre innsatsfaktorar fordelar seg på varer og tenester som er produserte i regionen, og på import utanfrå. Importen av varer og tenester reduserer ringverknadane i regionen og er slik sett mindre ynskte. I Norge er det stundom eit mål for regionar å importere ein av produksjonsfaktorane, nemleg arbeidskraft. Det blir sett på som viktig å få tilflytting for å halde oppe busetnaden i utkantregionane. Denne figuren viser ein prosess der alle produksjonsfaktorar, varer og tenester, har fri flyt ut og inn av regionen. Det kallar vi fri faktorflyt. Slik fri faktorflyt er stort sett ein realitet mellom små regionar, med visse unntak for naturressursar. Eksport frå ein region har ikkje alltid vore sett på som eit gode. I det gamle

bondesamfunnet var sjølvberging eit ideal. Dersom det ikkje skjer eksport og import frå og til ein region, må det til kvar tid vere nøyaktig samsvar mellom produksjon og konsum i regionen. Ein grunnleggande tanke er at eksportsektoren er basis for veksten i regionen. Ut frå dette blir næringslivet delt i to:

1. Eksport-(basis)sektoren produserer for sal til kjøparar utanfor regionen.
2. Heimeproduserande sektor produserer for kjøparar i regionen.

Eksportsektoren er avgjerande fordi heimeproduserande sektor eigentleg er avhengig av denne sektoren. Heimeproduserande sektor har marknaden sin i regionen og leverer varer som basissektoren spør direkte eller indirekte etter gjennom tilsette i basisindustrien (Teigen, 1999).

3.3.1 Eksterne verknader

Ei verksemd påverkar omgjevnadane sine på ulike måtar. Det er derfor viktig å skilje mellom ringverknader og det vi her kallar eksternalitetar. Ringverknader utanfor verksemda er, som tidlegare nemnt, resultat av at verksemda kjøper innsatsfaktorar og sel varer. Dette er altså verknader som, i motsetnad til eksternalitetane, kjem direkte til uttrykk gjennom marknadsprisane. Prisane og kostnadane gjev grunnlag for kjøp og sal og dermed avleide arbeidsplassar, og import og eksport inn og ut av regionen. Eksternalitetar, derimot, er indirekte verknader av økonomisk aktivitet som ikkje blir fanga direkte opp gjennom kjøp og sal i marknaden, men som likevill påverkar samfunnet omkring. Produsentane (verksemdene) eller konsumentane påfører samfunnet kostnader eller tilføre samfunnet gevinst som gjerne fell på/belastar tredjepart, og det skuldast at aktørane ikkje tar omsyn til dei i sitt slutningsgrunnlag (Teigen, 1999, s.95).

Medan ein tradisjonelt har vore spesielt oppteken av negative eksternalitetar, er ein i regionaløkonomien like opptekne av dei positive eksterne verknadane. Framfor alt er ein opptekne av dynamikken: Eksternalitetar kan vere positive i ein fase og negative i ein annan fase. Ofte er fasane kopla til vekst eller aukande stordrift. Vi kallar det skalaøkonomi (frå engelsk: economies of scale). Det blir skilt mellom skalaøkonomi internt i verksemda og ekstern skalaøkonomi. Eit enkelt døme på ekstern skalaøkonomi har vi ved etablering av produksjonsverksemdar langs ein veg som går til ein stor marknad. Når verksemd nummer 2, 3, og 4 etablerer seg, opplever den fyrste verksemda som lokaliserte seg, fordelar i form av at transporten av råstoff og ferdigvarer blir betre og billigare. Det blir større regularitet i transport og betre kapasitetsutnytting. Kvar ny etablering er derfor ikkje berre gunstig for

nykomarane, men samtidig ein fordel for alle dei gamle verksemdene. Det byrjar kanskje å oppstå eit problem med kødanning ved ei verksemdetablering, til dømes ved at reisetida aukar og transporten får dårlegare regularitet. Dei eksterne stordriftsfordelane (fordelane ved å vere fleire) snur til eksterne stordriftsulemper.

Eksterne verknader er viktige for regional utvikling. Bedrifter med positive eksterne verknader som spreia seg til området rundt verksemda, kan vurderast som nøkkelføretak for vekst i ein region. At dei positive eksternalitetane på denne måten er kopla til staden og er immobile gjev regionen ein konkurransefordel. Med immobile meiner ein at eksternalitetane spreier seg frå den aktøren som produserer dei eksterne verknadene og utover i det geografiske rommet (Teigen, 1999).

3.4 Kva er verdiskaping?

Fordeling av verdiskaping er viktig i eit regionaløkonomisk perspektiv. Fordelinga av dei skapte verdiane gjev ein indikasjon på kvar pengane blir brukt og dermed kvar dei får konsekvensar for den økonomiske aktiviteten. Verdiskaping er eit komplisert uttrykk, og er vanskeleg å få grep på, sidan dagens rapportering er utilstrekkeleg for å kunne verdivurdere moderne verksemdar. Under 50% av verdiskapinga er synleg i sin heilskap i dagens finansrekneskap, og ein har eit behov for tilleggsinformasjon om verdiskaping for å kunne forstå verksemda si verdiskaping.

I samfunnsøkonomi er verdiskaping å skape meirverdi utover den innsats og dei ressursar som blir sett inn. Meirverdi nyttast for å tilfredsstille ulike behov. Behova er mangfaldige og subjektive og gjev uttrykk for ulike haldningar og verdioppfatningar. Langt frå alle verdier omsettast i ein marknad og kan målast i kroner og øre. Verdier skapast i heile samfunnet - i heimen og på arbeidsplassar, i skular, sjukeheimar og verksemdar. Uavhengig av livssituasjonen nyter vi alle godt av denne verdiskapinga. For samfunnet er det den samla verdiskapinga som dannar grunnlag for velferdsnivået.

Sidan det er slik at verdiskapingsomgrepet har blitt gitt ulike tolkingar. Av den grunn vil vi presisere kva vi legger i dette omgrepet. Produksjon skapar verdier. Netto verdiskaping er marknadsprisen på det produserte produktet, inklusive alle avgifter minus vareinnsats og kapitalslit. Når vi her brukar omgrepet verdiskaping, held vi oss til den tradisjonelle samfunnsøkonomiske definisjonen:

$$\text{Netto verdiskaping} = \text{Omsetning} - (\text{Vareinnsats} + \text{Kapitalslit})$$

Når ein skal finne netto verdiskaping med utgangspunkt i verksemda sitt rekneskap, kan ein bruke fylgjande samanheng:

$$\text{Netto verdiskaping} = \text{Driftsresultat} + \text{Lønnskostnader}$$

Det kan visast at denne samanhengen er korrekt dersom avskrivningane er lik kapitalslitasjen. Nå er det riktig nok slik at avskrivningane som ein nyttar i rekneskapet antakeleg vil avvike den eine eller den andre vegen frå den verkelege kapitalslitasjen, men viss vi brukar formelen ovanfor, vil vi som regel få eit svar som ligger ganske nær sanninga (Dahl, Idsø, 2015).

Dei skapte verdiane blir delt mellom dei tilsette som får lønn, staten som får skattar og avgifter og kapitaleigarane (eigarane av verksemda og dei som har lånt eigarane kapital) som får resten. Når eigaren har betalt finanskostnadane, vel han kor mykje han vil ta ut i utbytte og kor mykje av overskotet som skal haldast tilbake i verksemda. Viss eigaren lar ein del av overskotet bli igjen i verksemda, blir verksemda meir solid, dermed reduserast konkursrisikoen. I aksjeloven (AL) er det avgjersler om kor stor eigenkapitalandelen må vere før eigaren kan ta ut utbytte. (Jf. AL §8-1, punkt 1-4 og AL §3-4). Dersom ein skal kunne sei noko om dei regionaløkonomiske verknadane av ei verksemd - må ein finne ut kor store verdiar som blir skapt og kven som får desse verdiane. På den måten kan ein sei noko om størrelsen på pengestrømmene som går inn i den lokale økonomien (Dahl, Idsø, 2015).

3.4.1 Utbetalt lønn etter skatt

For å kunne foreta utrekningar, er vi nøydde til å ta føresetningar om lønnskatten som dei tilsette betalar og størrelsen på arbeidsgjevaravgifta. Arbeidsgjevaravgifta i Sogn og Fjordane er 10,6 prosent og vi føreset ein gjennomsnittleg lønnskatt på 30 prosent. Med dette som utgangspunkt kjem ein fram til fylgjande samanheng:

$$\text{Utbetalt lønn} = 0,633 * \text{Verksemda si lønnskostnad}$$

For å finne samanhengen kan ein setje x lik brutto lønn, k lik total lønnskostnad. Her er samanhengen når arbeidsgjevaravgifta er 10,6% at $x * 1,106 = k$. Viss vi vidare antar at n er

netto lønn, kan ein setje $n = 0,7 * x$. Dermed får ein $x = 1,428n$. Set vi dette inn i likninga $x * 1,106 = k$ kjem vi fram til at utbetalt lønn er 63,3 prosent av verksemda sine lønnskostnader (Dahl, Idsø, 2015).

Verksemda sine lønnskostnader er oppgitt i rekneskapet og dermed er det enkelt å rekne ut kor mykje dei tilsette får utbetalt etter skatt. Vi brukar denne samanhengen når vi nedanfor reknar ut kor stort beløp dei tilsette på verftet har fått utbetalt. Det er netto lønn etter skatt som arbeidarane har til disposisjon og det er den utbetalte lønna som skapar lokale ringverknader. Viss dei tilsette er busett lokalt (i motsetning til pendlarar), vil ein stor del av den utbetalte lønna òg bli brukt lokalt (Dahl, Idsø, 2015).

Det er likevel éin avgjerande forskjell mellom verdiskaping i næringslivet og verdiskaping i den offentlege sektor. Offentlege ytingar er ikkje sjølvfinansierande. Dei må betalast gjennom inntekter som er opptent i næringslivet. Dette reduserer ikkje verdien av det arbeid som utførast i offentlig sektor, men gjer offentlig verdiskaping økonomisk avhengig av eit lønnsamt næringsliv.

Næringslivet skapar eigne inntekter gjennom sal av produkt og tenester i marknaden. Høgare verdiskaping i næringslivet gjev grunnlag for høgare skatte- og avgiftsinnbetalingar frå verksemdene, tilsette og eigarar og dermed rom for ein styrka offentlig sektor. Næringslivet si verdiskaping er derfor i stor grad ein økonomisk verdiskaping, og lønnsamheit er målet på verksemda si evne til å skape økonomiske verdiar (Aaser, 1993)

3.4.2 Verdiskaping internt i verksemda:

Ein kan skilje mellom verdiskaping internt i verksemda, og verdiskaping i regionen. Med utgangspunkt i strategi for verdiskaping for verksemda, kan ein synleggjere verdiskapinga gjennom det verbale. Humankapital er mennesket potensiale for verdiskaping, og er verdien av den kunnskap medarbeidarane i verksemda tar med seg når dei går for dagen.

Humankapital angår verksemda interne relasjonar, og omfatta den kompetansen dei tilsette har, deira motivasjon, åtfærd og verdiar, samt deira intellektuelle kapasitet og smidigheit, medrekna endringsevna og evna til innovasjon. Humankapital omfattar også leiareigenskapar og verdiar som skapast ved at fleire arbeider saman (Rødland, 02/2004, s.23-25).

3.4.3 Framtidsutsikter sin verknad på verdiskaping

Framtidsutsikter er viktig for vidare investeringar blant privat,- og offentleg næringsliv. I eit lite næringsmiljø er opp,- og nedgangsperiodar i stor grad regulert av drifta til ein stor lokal aktør. Dersom næringslivet har ein negativ innstilling til aktøren vil det ofte føre til mindre risiko og investeringar. Dersom dei meiner aktøren driv godt og det vil generere høg verdiskaping på verftet i framtida vil og truleg næringslivet investere meir.

3.4.4 Verdiskaping ved skattar og avgifter

Formålet med skatte- og avgiftssystemet er at det finansierer den offentlege velferdsordninga og bidreg til fordeling. Skattar og avgifter bør innrettast slik at dei bidreg til høg verdiskaping og god utnytting av ressursane i samfunnet (regjeringen.no - skatter og avgifter)

Det offentlege tar inn følgjande i skattar og avgifter:

1. Selskapsskatt på 27 prosent av bedrifta sitt overskot. Skattesatsen er redusert frå 28 prosent med verknad frå og med året 2014. Selskapsskatten går i sin heilskap til staten.
2. Arbeidsgjevaravgift. Denne går også i sin heilskap til staten.
3. Skatt på lønnsinntekt. Den såkalla kommuneskatten er på 27 prosent. Skattesatsen er redusert frå 28 prosent med verknad frå og med året 2014. Det betyr ikkje at kommunen får alt. Med verknad frå og med året 2014 blir skatten fordelt slik: Kommunen får 11,6 prosent, fylkeskommunen får 2,45 prosent, mens staten får 12,05 prosent. Tidlegare var fordelinga slik: Kommunen får 12,8 prosent, fylkeskommunen får 2,65 prosent, mens staten får 12,55 prosent.
4. Eigedomsskatt: Det er opp til den enkelte kommune å innføre eigedomsskatt. Inntektene frå eigedomsskatten går i sin heilskap til kommunen. Satsen for eigedomsskatt skal vere mellom 2 og 7 promille av takst grunnlaget, som skal bli fastset ved taksering kvart tiande år (regjeringen.no - direkte skatter, 2014).

Ovanfor har vi vist at samanhengen mellom lønnskostnaden k og netto utbetalt lønn er: $n = 0,633k$ under føresetnad av at arbeidsgjevaravgifta er 10,6 prosent og lønsskatten er 30 prosent. Det betyr at det offentlege får $(k-n) = 0,367k$ i arbeidsgjevaravgift og lønsskatt. I tillegg får det offentlege selskapsskatt. Dermed vil det offentlege få:

$$\text{Alle skattar og avgifter} = 0,367 * \text{Lønnskostnad} + \text{Selskapsskatt}$$

Når verksemda er eit aksjeselskap er lønnskostnaden og selskapsskatten offentleggjort i bedrifta sitt rekneskap. Det er derfor enkelt å finne ut kor stor del av verdiskapinga som fell på det offentlege.

Kapittel 4: Metode

I kapitlet skal vi sjå på kva metode som er best for å få svar på problemstillinga i oppgåva. For å få svar på problemstillinga lyt ein samle inn datamateriale gjennom empiri og undersøkingar slik at vi kan analysere dette. Då vil ein komme fram til ein konklusjon som blir drøfta i kapittel 6.

4.1 Problemstilling

Ved val av problemstilling har vi hovudsakleg to hovudtypar; den fyrste og vanlegaste er ei beskrivande problemstilling der vi ynskjer å forklare korleis situasjonen er i dag. Den andre er forklarande eller kausale der vi ynskjer å finne samanheng mellom årsak og verknad (Jacobsen. D.I. 2012, s 61).

Problemstillinga; *“Kva regionaløkonomiske konsekvensar har Havyard Ship Technology Leirvik?”* er ei beskrivande problemstilling ettersom vi ynskjer å få innsikt i kva verknader Havyard har å seie for verdiskapinga i HAFS. Vi ynskjer altså meir innsikt i eit regionaløkonomisk spørsmål.

Vi ynskjer å finne konsekvensane av ei stor verksemd i ei lita bygd og har dermed ei eksplorerande problemstilling.

4.2 Undersøkningsdesign

Etter at problemstillinga er bestemt er neste steget og velje den typen forskingsdesign, som best kan samle inn data vi treng for å svare på problemstillinga.

D.I. Jacobsen (2002, s, 86-94) meiner vi har tre typar undersøkningsdesign;

- Utforskande: Som ofte er eit fyrste skritt i marknadsføringsanalysar. Metoden nyttar til det fulle sekundærdata (tidlegare innsamla data) og har ein tendens til å nytte kvalitative vurderingar.
- Beskrivande: Her samlar vi statistiske data for å teste hypotesar utarbeida frå utforskande undersøkningsdesign.
- Kausal: Her studerast årsak/verknadsforhold og har ein tendens til å nytte eksperimentering.

I denne oppgåva nyttar vi ekstensive, utforskande undersøkningsdesign. Det vil seie at vi går i djupna i undersøkinga og kombinerer sekundære data innsamla gjennom teori, med i djupna intervju slik at vi kan nytte kvalitative vurderingar. Det sentrale er å få fram ei komplett

beskriving av fenomenet. Vi har valt dette ettersom vi ikkje har ressursar til å gå i bredda og undersøke fleire einingar i oppgåva slik som eit ekstensivt design krevjar. Samt vil eit slikt design vere vanskelegare å utføre i ein marknad med få aktørar. Vi føler i tillegg at oppgåva vil få best resultat og vil stå fram som meir valid ved å nytte vurderingar frå eit lågare tal respondentar og kjelder som direkte blir vedkome av Havyard, framfor å prøve å generalisere funn frå eit større tal personar/tilsette som ikkje blir påverka og innehar same kunnskap om økonomiske konsekvensar. I tillegg til dette vil ein kombinasjon av teori og intervju av sentrale aktørar lettare forklare kva konsekvensar Havyard har på HAFS.

4.3 Pålitelegheit og gyldigheit

Undersøkingsopplegget vil ha betydning for undersøkinga si pålitelegskap (reliabilitet) og gyldigheit (validitet) (Jacobsen. D.I. 2012, s 87). Pålitelegskapen vil seie at du måler ærleg og nøyaktig. Vi kan teste pålitelegskap ved å undersøke om det enten er ein korrelasjon (samsvar) mellom 2 variablar, mellom uavhengige målingar av det same fenomenet (empirisk), ved å gjere fleire undersøkingar på det same fenomenet og sjå om vi får identiske svar (intra subjektivitet) og/eller om forskjellige forskarar får identiske resultat når dei studerer det same fenomenet. Vi har intervjuja Havyard, lokale verksemder og Hyllestad kommune. Dette er aktørar som direkte og indirekte blir påverka og har god kjennskap til drifta på verftet. I tillegg samla vi inn teori gjennom sekundærdata for å sjå om det er mogleg og trekke ein konklusjon av samsvara mellom dei ulike datakjeldene. Dermed sikra vi oppgåva si pålitelegskap.

Problem som kan oppstå når vi vil sjekke pålitelegskap/reliabilitet, er at fenomenet kan ha endre seg i tida mellom målingane. Til dømes nasjonale konjunkturar som påverka lokale bedrifter og administrasjonen av Havyard sine syn på framtida. I tillegg kan svara til lokale verksemder verte påverka av kva media seier om framtidsutsiktene generelt i Norge, sjølv om desse ikkje treng å ha ein direkte konsekvens for Havyard. Forskarar har eit ansvar for å sikre høg pålitelegskap. Til dømes gjennom fleire målingar, dikteringar av datainnsamling på ein fullstendig og nøyaktig måte, samt og la andre forskarar tolke same tekst for samanlikning. Dette er tiltak som vil vere med på å sikre høg pålitelegskap.

Gyldighet/validitet vil seie at det du måler er relevant for det du ynskjer å finne. Vi har to typar gyldighet; intern som vil seie at funna gjev riktig inntrykk av fenomenet og ekstern som vil seie at funna kan generaliserast. I vår oppgåve kan ein ikkje generalisere funna ettersom vi baserer oss på nokre få intervju og sekundærdata framfor ei stor undersøking. Vi har dermed intern gyldighet. Dette går ut på om vi har dekning i vår data (empiri) for dei konklusjonane vi trekk. Det kan vere mange forskjellige truslar mot den interne gyldigheita (Edwardsen, V, 2011, s 58, *UIA, Prosjektledelse*); historie (andre hendingar inntreff i løpet av eksperimentet), modning (endring som elles ville inntreft), testing (det å bli testa før eksperimentet kan påverke seinare testing) og dei som leiar forskinga påverkar respondentane.

4.4 Litteraturstudium og dokumentanalyse som metode

I økonomi treng ein talmessig grunngeving og statistikk for og kunne nytte kvantitativ metode. Som nemnt over har vi ikkje økonomiske eller tidsmessige ressursar nok til å utføre ei slik undersøking, og kan dermed ikkje generalisere funn til populasjonen. Når det kjem til kvalitativ metode, er den meir eigna når ein skal analysere ein person i eit "miljø". Den innhenta informasjonen frå intervju nytta vi til å drøfte ringverknader. Det er dermed ikkje tydeleg kvalitativt. Ein kan heller seie at vi nyttar dokumentanalyse som metode, sidan vi analyserer kjelder. Meir om dette kjem lengre nede.

Metoden fortel oss om korleis vi bør gå til verks for å innhente eller etterprøve kunnskap. Grunnen for å velje bestemt metode er at vi meiner den vil gje oss gode data og setje fokus på problemstillinga på ein fagleg interessant måte (Dalland, 2007, s. 81). Metoden hjalp oss altså med å samle inn data, det vil seie den informasjonen vi treng i vår undersøking (Dalland 2007, s. 81).

Vi har i vår bacheloroppgåve nytta intervju, artiklar, internettsider, skulebøker og førelesingar som kjelde til informasjon. Vi har altså innhenta kjelder til informasjon om eit tema frå forskjellige hald. "Ei dekkande gransking og tolkning av litteraturen som fins på eit bestemt område, om eit tema kan definerast som litteraturstudie" (Hig.no, referert i Aveyard 2007, s 1). I tillegg til dette har vi analysert kjeldene i ringverknadsmodellen. Vi kan dermed sei at vi òg har nytta dokumentanalyse som metode. Ved dokumentanalyse skaffar ein data gjennom analyse av allereie eksisterande kjeldemateriale. Ei kjelde er eit dokument som er forfatta med ein bestemt hensikt og innanfor ein gitt kontekst. Det betyr at kjelda speglar forståing og kunnskap som var rådande i opphavssituasjonen, samt den hensikt kjelda var meint å tene.

Når ein analysera skriftlege kjelder er der dermed viktig og ha klart for seg kva slags dokument ein har med å gjere. (Sturla Alvheim 1998, s. 70 Hovudfagsoppgåve UIB).

4.5 Gjennomføring og formål

Ved gjennomføringa av intervju utarbeida vi tre intervjuguidar; ein var tilpassa offentleg sektor/Hyllestad kommune, ein til Havyard og ein til lokale verksemder som vi meinte vart påverka av drifta på Havyard. (*Intervjuguidar ligg vedlagt*). Intervjua av Havyard og Hyllestad kommune vart haldt per e-post mens intervjua av lokale verksemder vart haldt ansikt til ansikt. Bunnpris Leirvik og Ernas frisørstove var bedriftene som stilte opp.

Formålet med intervjuet av Havyard var for og hente inn statistikk og kjelder som kunne nyttast i teoridelen av bacheloroppgåva, då spesielt med tanke på ringverknadsanalysen. I tillegg nytta vi svara til å sjå om det var samsvar med Havyard sitt syn på verdiskaping i nærmiljøet og dei andre aktørane som vart påverka av Havyard. Mens formålet med intervju av kommunen og lokale verksemder var for og sjå kva haldningar aktørane hadde. Dette fordi haldningane til kommunen og verksemdene er særst relevant med tanke på deira framtidsutsikter. Til dømes vil eit samfunn som trur at ein viktig aktør i næringslivet deira vil legge ned drifta, ha negative framtidsutsikter og dermed truleg vegrar seg for framtidige investeringar.

Kapittel 5: Empirisk datamateriale gjennom intervju

Kapittel 3 behandlar kategoriar som har til hensikt å forklare dei regional økonomiske ringverknadane. Der vi som følgjande kategoriserte: Direkte-, indirekte-, induserte- og katalysator-verknader. Gjennom intervjuva var hensikta å få informasjon til å dekke desse kategoriane.

5.1 Direkte verknader i verksemdene og regionen

Dei direkte verknadane er blant anna sysselsetjing i verksemda, skatter og avgifter, og sponsorverksemd

Sysselsetjing: Det kjem fram under intervjuet at Havyard hadde per 17.02.2015, 199 fast tilsette, der 20 var kvinner og 179 menn og 58 av desse er utanlandske. Der omlag 100 fast tilsette er frå Hyllestad. Lønnskostnadane for verftet er på 114,4 millionar kroner.

Skatter og avgifter: Viss ein reknar skattar og avgifter, slik som eigedomsskatt, kommunale avgifter og inntektsskatt vil det då seie at omlag 180 menneskje bidreg direkte med skattar og avgifter til kommunane i nærmiljøet til Havyard. Eigedomsskatt er ein skatt som betalast på grunnlag av eit takstmessig verdianslag for fast eigedom. Der eigdommen er gjenstand for skattlegging. Ved verftet i Leirvik betalte dei omlag kr. 430 000,- i eigedomsskatt i 2014. Det kom fram i intervju med rådgivaren i kommunen, at ei eventuell avvikling av verftet vil ha svært dramatiske konsekvensar for Hyllestad kommune, og då lyt kommunen få hjelp frå statleg hald.

Sponsorverksemd: I intervjuet med Havyard og Hyllestad kommune blir det nemnt at Havyard bidreg med støtte av lokal kultur og idrettsaktivitetar for barn og unge. Dei seier vidare at dei deler ut cirka 300 000 kroner per år til samfunnsgagnlege formål.

“I forhold til lokale fritidstilbud er vi en pådriver og har godt samarbeid med kommunen.”
Det blir bekrefta med intervju av Hyllestad kommune, som ser på den årlege summen som positivt. Sjølv om dette er eit beløp som ikkje er særleg stort i forhold til andre beløp omtalt i denne oppgåva, så er det likevell ei støtte som har vesentleg verdi for kommunen. Rådmannen i Hyllestad kommune, Bente Nesse, skriv likevel at ho óg håpar på eit bidrag som skal gå til bygging av fleirbrukshall, og at dette skal vere mogleg og få til. Nesse meiner dette er noko som burde vere ei felles interesse for Havyard og kommunen, sidan gode fritidstilbud vil bidra positivt med tanke på rekruttering av arbeidrarar, og trivsel generelt for innbyggjarane.

Vi fekk bekrefta gjennom intervju av Havyard at det blir kjøpt delar eller konsulenttenester frå aktørar i HAFS per dags dato, men vi fekk ingen indikasjon på kva dette var i intervjuet. Dei har tidlegare nytta MultiVolt ved spesielle høve.

Verftet satsar også på samfunnsansvar,

“I verdiene våre står det nedskrevet at Havyard til en hver tid skal ha fokus på miljø og samfunnsengasjement. Det er fokus på effektiv bruk av materiale for og minimalisere avfall. Det er nulltoleranse for barnearbeid.”

Vi legger til grunn at det er vanleg for ein slik type verksemd å ikkje ha noko særleg med eksterne verknader som til dømes utslepp. Det kom òg fram i intervjuet med Havyard at dei har vore med i kampen då det vart kjempa om ei ny linje ved Dale vidaregåande skule. Havyard stiller med utplassering og lærlingplasser på verftet. Når båtar står ferdige på verftet, kan forskjellige lag og organisasjonar komme på dugnadsarbeid, for vask av båtar og liknande arbeid.

5.2 Indirekte verknader

Dei indirekte verknadane genererast gjennom etterspurnaden etter varer og tenester frå underleverandørar i regionen.

Som tidlegare nemnt, kom det fram i undersøkinga at Havyard har hatt og framleis har samarbeid med lokale bedrifter. Vi har ikkje fått informasjonen som trengst til å uttale oss om dette. Intervju av offentleg sektor og lokale aktørar tyder midlertidig på at det er ynskjeleg med meir samarbeid, og begge partar ser eit større potensiale når det kjem til engasjement i lokalmiljøet.

Tider der det er mykje aktivitet ved verftet kan det komme opp i rundt 750 arbeidarar på same tid. Spesielt i mindre kommunar, som Hyllestad, merkast dette godt ved at lokale leverandørar får betydelege kontraktar og at mange arbeidarar flyttar til regionen for ein periode, noko som genererer behov for både overnatting og dagleg innkjøp. Dette førte til positiv verdiskaping for dei lokale pensjonata, som var full booka også utanfor sesong. Det blir bekrefta at Havyard har kontrakt med utleigarar og betalar ein fast sum når det er forventa stor pågang. Dette har vore gjort for å halde klart husrom når arbeidarane kjem til verftet.

5.3 Induserte verknader

Dei fast tilsette i Havyard nytta lokale tilbod noko som kjem fram i intervju av lokale verksemdar. Aktiviteten på Havyard har stor verdi for Bunnpris Leirvik. Det same gjaldt Ernas frisørstove ettersom det var mindre og gjere i nedgangsperiodar, grunna dårligare personøkonomi hjå folk flest. Dette er nok gjennomgåande for heile Hyllestad. Vidare vil dette ha ein viss effekt på nabokommunane sidan ein del av arbeidarane bur i desse kommunane.

I tillegg til alle dei fast tilsette, er det ein rekke vekependlarar og arbeidarar på rotasjonsordninga. Havyard har ikkje noko oversikt over kor mange vekependlarar som jobbar på verftet. Men dei fleste av dei utanlandske har ei tilnærma rotasjonsordning, der dei jobbar i fire veker, for så å opparbeide seg to veker fri. I intervjuet av kommunen kjem det fram at det er omlag 200 arbeidarar på rotasjons- og vekependlingsordning. Vidare kjem det fram i intervju med lokale verksemdar at tilsette i rotasjonsordninga ikkje utgjør nokon stor del av verdiskapinga. Dei utanlandske arbeidarane syntest det var for dyrt og klyppe seg hjå den lokale frisørsalongen. Kantinedrifta på verftet førte til at dei fleste ikkje handla hjå Bunnpris Leirvik. Likevill var det ein del av desse arbeidarane som småhandla på butikken. Vi har ikkje noko grunnlag for å uttale oss om at dette òg er tilfellet i andre butikkar i kommunen, som Spar i Hyllestad sentrum. Det er truleg ikkje tilfelle, sidan dei fleste av arbeidarane på rotasjonsordning køyrer og bur på stader mot Lavik, samt butikkar i Leirvik er dei mest sentrale i førehald til avstanden mellom verftet og den mest normale pendlestrekka, Vadheim - Leirvik. Vidare vil ikkje desse arbeidarane nytte seg av offentlege tilbod som barnehage og skule. Ei heller andre industri og/eller tenesteytande næringar, sidan dei ikkje er busett i nærmiljøet.


5.4 Framtidsutsikter:

Rådmannen hadde også sine synspunkt på vidare drift, og om Havyard vil halde seg konkurransedyktige i framtida. Nesse nemnar at det kunne vore ynskjeleg av meir kompetansearbeidsplassar, til dømes design selskap og konsernfunksjonar som per dags dato er lokalisert i Herøy kommune. For å halde seg konkurransedyktige burde dei “ha fleire bein å stå på” og ikkje berre bygge skip til petroleumverksemd. Ho meiner kvalitet og leveringspresisjon er avgjerande for å vere konkurransedyktig. Dersom Havyard blir nedlagt,

meiner ho at det vil vere dramatisk, spesielt for Hyllestad kommune. Dei lyt då ha hjelp frå statleg hald, og det vil med stort sannsyn verte større fråflytting frå kommunen.

Kapittel 6: Diskusjon og konklusjon

6.1 Diskusjon



Figur 6.1 Netto verdiskaping ved Havyard i perioden 2009-2013.

År	Driftsresultat	Lønnskostnadar	Netto verdiskaping
2013	29,5	114,4	143,9
2012	113,4	113,7	227,1
2011	178,3	99,9	278,2
2010	116,2	81,5	197,7
2009	18,0	104,0	122,0

Tabell 6.1 Netto verdiskaping ved Havyard, i perioden 2009-2013 (tal millionar kroner)

Ved Havyard blir netto verdiskaping fordelt mellom dei tilsette som får lønn, staten og kommunen som får skattar og avgifter. I 2013 vart det skapt verdiar ved Havyard på 143,9 millionar kroner. For å sei noko om dei regionaløkonomiske ringverknadane til Havyard, skal vi vidare i dette delkapitelet diskutere kven som får desse verdiane. Berre pengar som brukast i regionen, har ringverknader på regionaløkonomien.

Havyard bidreg med omlag 100 arbeidsplassar til busette i Hyllestad kommune. Ein kommune som vi har nemnt i kapittel 2, bur 1405 innbyggjarar. Dette tilsvara omlag 7 prosent av det totale folketalet i kommunen. Totalt var det 705 sysselsette i kommunen i 2013 ifølge SSB, noko som gjer til at litt meir enn 14 prosent av alle fast tilsette i kommunen jobbar på

Havyard. Dette i tillegg til indirekte arbeidsplassar som kjem som fylgje av Havyard gjer verknaden av bedrifta stor. Til dømes vil ei eventuell nedlegging eller nedbemanning av Havyard føre til at mange av dei tilsette flyttar ut av kommunen, noko som igjen fører til færre skuleelevar og dermed færre tilsette på skulen. Vidare vil etterspurnad etter tenesteytande næringar og butikkar slik som frisør, daglegvarebutikk, trelastvarer og tømrrarar minke ettersom folketalet minkar.


Som tidlegare forklart vil fleire tilsette på verftet gje grunnlag for arbeidsplassar i offentleg og privat sektor. Dette sjåast på som ein multiplikatorverknad. Ei godt etablert næringsverksemd verkar positivt på befolkningsutviklinga i regionen ved at ein trulig attraherer seg og gjer det meir attraktivt for arbeidsdyktige i alder (20-66år). Kor vidt Havyard sitt nærvær i eit område påverka befolkningsutviklinga er sjølvstøtt svært vanskeleg å vurdere. Men i ein liten kommune, med få arbeidsplassar skapar det ein optimisme og “drive” i eit lokalsamfunn. Dette kan ikkje målast i kroner, men påverkar trivselen ved å bu i kommunen.

Hyllestad kommune hadde i 2013 den største andelen av sysselsette som pendla inn av kommunane i regionen, synt i figur 3.2 s.18. Det er ikkje sagt at alle som pendlar inn, jobbar på Havyard, det er til dømes pendlarar til Eikelund Sjukeheim. Ut i frå figur 3.4 s.21 kan ein uansett sjå at 34 prosent av dei 199 tilsette ved Havyard kjem frå kommunane rundt. Det er viktig å merke seg talet på pendlarar mellom kommunane, sidan det er noko som indikerer at regionen oppfattast som eit felles bu- og arbeidsmarknad. Mange av pendlarane bidreg med verdiskaping i kommunane dei kjem frå, på grunn av bu- og inntektsverknadane der. Ved nedbemanning på Havyard kan vi med stor sannsyn konkludere med at Hyllestad kommune vil miste mange av pendlarane sine, som vil påverke etterspurnaden av varer og tenester i handelsstanden i Leirvik. Det vil vidare påverke skatteinntekter for nabokommunane, sidan dei lokale jobbutiktane er svake, og dei tidlegare pendlarane vel å flytte ut av regionen.

Havyard kan plasserast i eksport-basissektoren, grunnen er at Havyard produserer skip som blir eksportert ut av regionen. Dette kan sjåast på som positivt, sidan import vanlegvis ikkje aukar ringverknader. Ideelt sett skulle Havyard nytta seg av varer og tenester frå produsentar i regionen, det ville ha auka dei indirekte verknadane av verksemda. Havyard gav oss ikkje tilstrekkeleg med informasjon om dei nytta lokale produsentar og detaljbutikker, når det kom til innkjøp av varer frå andre verksemdar i regionen. Mykje tyder på at det heller ikkje er tilfelle. Med kunnskapen vi har om Havyard sine innkjøp, gjelder det alt frå store maskiner og

den fakta at Havyard får skroga sine frå Tyrkia (fordi det er billigare for verksemda). Det er òg snakk om store innkjøp til å innreie skip, og det finnes ingen verksemdar i regionen med stor nok kapasitet, eller lagringsplass til å ta slike oppdrag. Dette fører til at det blir det mindre verdiskaping i regionen gjennom aktuelle leverandørar av råvarer. Eit unntak er lokale tenester, blant anna MultiVolt som tidlegare har hatt eit samarbeid med Havyard.

Sjølv om nytten av lokale verksemdar per dags dato ikkje er så stor. Har det tidlegare gitt kompetanse som dei lokale entreprenørbedriftene har bygd seg opp på, og i ettertid stiller dei sterkare i konkurransen om andre oppdrag uavhengig av Havyard, til dømes HAFS Elektro & Rør AS. Uavhengig verksemdar av Havyard, skapar igjen arbeidsplassar i regionen, som fører til auka verdiskaping.




Figur 6.2 Oversikt over alle skattar og avgifter ved Havyard i perioden 2009-2013

År	Arb.g.avg/lønnskatt	Selskapsskatt	Skattar og avgifter
2013	42,0	8,0	50,0
2012	41,7	30,2	71,9
2011	36,7	49,2	85,9
2010	29,9	30,2	60,1
2009	38,2	4,3	42,4

Tabell 6.2 Oversikt over skattar og avgiftene ved Havyard i perioden 2009-2013

Når Havyard går med overskot, vil dei vere i den posisjonen at dei betalar selskapsskatt, men den har ingen verdi for kommuneøkonomien sidan alt går til staten. Viss vi føreset at Hyllestad kommune fekk 12.8 prosent av skatteinntektene i 2013. Det vil vere ein tydleg del av verdiskapinga, sidan det er så stor prosent av folketalet i kommunen som er tilsette i Havyard. Det same vil gjelde kommunane i regionen, med pendlarar til Havyard. Som tabellen syner betalte Havyard totalt 50 millionar kroner i skattar og avgifter i 2013. Samtidig betalar Havyard eigedomsskatt, som var på omlag 430 000 kroner i 2014, dette er ein skatt som blir regulert kvart år, og skapar verdi for Hyllestad kommune.



Figur 6.3 Utbetalt lønn til dei tilsette ved Havyard i perioden 2009-2013

År	Utbetalt lønn
2013	72,4
2012	72,0
2011	63,2
2010	51,6
2009	65,8

Tabell 6.3 Utbetalt lønn til dei tilsette ved Havyard, perioden 2009-2013 (tal millionar kroner)

Det vi ikkje har forsøkt å analysere, er korleis dei tilsette sin bruk av utbetalt lønn påverka den lokale økonomien. Eit nøyaktig studium av dette vil krevje at vi analyserar dei tilsette sin faktiske pengebruk, for å finne ut kor stor del av lønna som brukast lokalt og kor mykje som brukast utanfor regionen eller til import. Import av varer og tenester tenker vi til dømes på kjøp av bil, forsikring, klede på nett og så vidare. Ved å studere den faktiske pengebruken, vil ein kunne komme fram til ein multiplikator som kan brukast til å estimere dei indirekte ringverknadane, som nemnt tidlegare er det vanskeleg å estimere, og utanfor vår tidsbruk til oppgåva. Vi kan likevel sei noko om dette. Som tabellen viser ovanfor hadde Havyard i 2013 lønnskostnader på 114,4 millionar kroner. Som vi såg i kapittel 3.4 så betyr det at netto utbetalte lønn etter skatt (vi føreset at skatt 30 prosent av bruttolønn) var då om lag 72,4 millionar kroner. Sjølv om ein stor del av desse pengane nødvendigvis, i ein liten økonomi som Hyllestad, vil det vere ein høg importdel. Pengane lekker ut, og inntektsmultiplikatoren blir derfor sterkt redusert.

Vi meiner at sponning av aktivitetar i regionen har ein opplagt symbolverdi i Havyard sin marknadskommunikasjon, og er med på å synleggjere at Havyard tar samfunnsansvar. Ei oversikt over fordelinga av desse midlane kan vi ikkje vise til, men på bakgrunn av at Havyard også er lokalisert i Herøy kommune, rekna vi med ein del går til aktivitetar der. Sponninga av aktivitetar til lokal idrett og kultur har dei siste åra vert på rundt 300 000 kroner i året. Dette fører til at regionen bli meir attraktiv å bu i, noko som er positivt for innflyttarar og lokalbefolkninga. Dessutan vil samfunnsansvar styrke humankapitalen, altså verdier og motivasjon dei tilsette har og føler om å vere sysselsett ved verftet.

Når det gjelder busetnad som følgje av induserte verknadane, så har vi ikkje gjort nærare undersøkingar om korleis forbruket fordela seg geografisk, anna enn å anta at det treffer lokalt. Er ein person busett i Lavik kommune, antar vi også at dei forbruksavhengige verknadane gjev utslag der, blant anna på Bunnpris Lavik, Statoil Lavik og så vidare. Ved busetnad som følgje av dei katalytiske verknadane, altså lokaliseringseffekten, veit vi at verksemdene rundt er drivne av relativt få folk. Om vi skulle ta Leirvik Senter som eit døme er det to eigarar; Roar Einen og Erna Bråstad. Vidare ville ein grundig spørjeundersøking med dei næraste verksemdene blitt alt for tidsomfattande. Respondentane av undersøkinga kunne ha oppgitt den geografiske fordelinga av sine tilsette, og på bakgrunn av det, kunne vi anteke om den totale geografiske fordelinga av sysselsette som ein katalytisk verknad av Havyard.

Vi har ingen konkrete tal på turisme og gjennomgangstrafikk i Hyllestad kommune, sidan det ikkje har noko klar samanheng med Havyard sine ringverknader. Det spelar inn på verdiskapinga i Hyllestad kommune, sidan dei ofte stoppar på daglegvarebutikkar, bensinstasjonar eller overnattar i kommunen. Hyllestad kommune og Hotel Sognefjord jobbar heile tida med å fremje kommunen til turistane. Vi antar likevel at Hotel Sognefjord har flest overnattingar som er knytt til Havyard. Grunnen til det er at dei er den næraste overnattingsplassen og har tilrettelagt for konferansar og møter.

6.2 Konklusjon

Målet med oppgåva var og finne ut kva slags regionaløkonomiske ringverknader Havyard har. Havyard er ei verksemd vi kan kjenneteikne som ei hjørnesteinsbedrift. Det vil sei ei verksemd som har stor verdi for busetting i Hyllestad kommune og regionen rundt. Havyard stiller med kompetansesarbeidsplassar som kan bli vanskeleg å erstatte i regionen. Verftet gjev grunnlag for 199 eigne arbeidsplassar (direkte verknader), der 86 prosent, altså 171 sysselsette har bustad i regionen. I den grad det er pendling, er det fyrst og fremst pendling frå nabokommunane til Hyllestad. Nedlegging av arbeidsplassar hjå Havyard, vil derfor raskt gje utslag i form av utflytting frå kommunen.

Ved Havyard blir netto verdiskaping fordelt mellom dei tilsette som får lønn og stat/kommunen som får skattar og avgifter. I 2013 vart det skapt verdiar ved Havyard på 143.9 millionar kroner. Skatter og avgifter på 50 millionar kroner og eigedomsskatt på omlag 430 000 kroner, gjev inntekter for kommunen. Utan desse inntektene ville nok kommunen hatt behov for hjelp frå statleg hald. Dette er noko kommunen, som nemnt, bekrefta gjennom intervju.

Havyard gjev ei betydeleg støtte til lokal idrett og kultur, dei siste åra har dei sponsa idrett- og kulturarrangement med rundt 300 000 kroner i året. Dette fører til at regionen bli meir attraktiv å bu i, noko som er positivt for innflyttarar og lokalbefolkninga.

Utbetalt lønn, der vi legg til grunn at skatt er 30 prosent av bruttolønn, var på om lag 74,4 millionar kroner i 2013. For dei med bustadadresse i regionen vil ein del av desse pengane bli

lagt igjen i regionen i form av blant anna daglegvarekjøp og til andre kommunale tenester (barnehage, tannlege, straum osv.).

I løpet av oppgåva blei vi merksame på at turisme og gjennomgangstrafikk óg kan legge igjen pengar hjå lokale verksemdar, til dømes daglegvarebutikkar og overnattingsplassar og aukar verdiskapinga i Hyllestad kommune, men ikkje er ein ringverknad av Havyard. Vi legg til grunn at det er ingen turisme til verftet.

Mens dei direkte verknadane er mogleg å måle på ein presis måte, er dei indirekte og induierte verknadane langt vanskelegare å estimere. Vi kan legge til grunn svært optimistiske føresetnadar i oppgåva, som gjer at dei står fram som viktige samfunnsaktørar, det viser at Havyard sine ringverknader er betydelege.

Til slutt, må vi legge til grunn at Havyard skapar ein stor immateriellverdi for Hyllestad kommune. Havyard er ei internasjonal verksemd, som produserer skip til skipsreiarar rundt om i verden. Så ein kan sei at Havyard setter kommunen på kartet.

6.2.1 Forslag til vidare arbeid og svake sider ved oppgåva

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har vi blitt merksame på området som vi meiner er interessante og aktuelle for vidare forskning.

Temaet i denne oppgåva er svært komplekst, og vi hadde frå byrjinga ein del avgrensingar når det gjaldt innsamling av data. Intervjua vi gjennomførte med Havyard og Hyllestad kommune fekk vi kunn via e-post. Dette fører moglegvis til at spørsmål vi kunne fylgt opp med gjennom ansikt - til - ansikt intervju ikkje vil bli svart på. Vi har derfor ein del spørsmål vi har komme på i etterkant som vi meiner hadde styrka oppgåva vår, samt må bli tatt til betraktning ved vidare forskning.

Når det gjeld Havyard så kunne vi fylgt opp spørsmålet om dei nyttar lokale tenester, med kva straumleverandør dei nyttar, om dei nyttar lokale vedlikehaldstenester og om det er lokale kjøp av verktøy. Når det gjelder skatt og meirverdiavgift kunne det vere interessant å vite om det er mest sal av båtar innanlands. På grunn av sal til utlandet kjem i kategorien nullsats, altså at det er eksklusiv meirverdiavgift. Etter intervjuet med Hyllestad kommune fekk vi eit ymt om kva dei såg på som positiv framtidig verdiskaping. For å styrke oppgåva kunne vi stilt

Havyard spørsmål om deira framtidsutsikter. Viss Havyard hadde meint at deira framtidsutsikter er positive kunne det ha indikert til Hyllestad kommune at aktøren driv godt. Dette ville auka verdiskapinga, sidan kommunen hadde sett positivt på eventuelle framtidige investeringar.

For å styrke dei katalytiske verknadane burde vi undersøkt fleire lokale verksemder om dei er etablert eller føler at dei har ein tryggleik av å ei stor verksemd som Havyard i regionen. Dette var tidsmessig umogleg for oss. Dette kunne ha forandra konklusjon drastisk sidan vi skriv om regionen og ikkje Leirvik/Hyllestad. Til dømes vil ikkje Kiwi i Dale bli hardt råka dersom Havyard går konkurs.

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har vi blitt oppmerksame på området som vi meiner er aktuelt å ta med seg for vidare forskning. Når vi valte å analysere ringverknadene til Havyard Ship Technology, valte vi å la oppgåva omfatte ein større region, på grunn av at det er så mykje pendling til kommunen. For å få ein grundigare og djupare analyse, hadde det vore nok å omfatta regionen rundt Hyllestad kommune. Dette ser ein igjen i oppgåva, med innvendingar som omfattar stadig kunn kommunen. Ved å avgrensa oppgåva endå litt til kunne vi ha gjennomført fleire intervju av lokale verksemder, og fått til ei grundigare analyse når det kjem til dei indirekte-, induserte- og katalytiske verknadene.

Styrken til oppgåva vår var at vi henta mykje informasjon gjennom empiri, både primærdata og sekundærdata. Primærdata gjennom intervju av Havyard og lokale bedrifter og sekundærdata gjennom ulike teoretiske datakjelder. Oppgåva har dermed høg pålitelegheit og gyldigheit. I tillegg har enkelte av empiri og datakjelder “bekrefta” kvarandre i form av at intervju sine svar var lik med innhenta teori, noko som gjev oppgåva høg validitet. Desse faktorane styrkar oppgåva.

Vidare har vi gått grundig til verks og tatt for oss vesentlege problemstillingar og analyser for og svare på oppgåva si hovudproblemstilling så vi har ein sterk teoretisk oppgåvedel som er formulert på ein klar og tydelig måte.

Referanseliste

Framvisingar

Aaser, S. (1993) *Verdiskaping, Sysselsetting og velferd* [internett]. Norges Handelshøyskole.

Tilgjengeleg frå:

http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/166952/lehmkuhl_1993.pdf?sequence=1&isAllowed=y

[Lest 10.mars 2015]

www.uio.no/studier/emner/sv/psykologi/.../v05/.../1010forelesning2.ppt

Litteratur

Aveyard. H. (2010) *Doing a literature review in health and social care: a practical guide*. Maidenhead: McGraw- Hill/Open university press.

Dalland. O. (2007) *Metode og oppgaveskriving for studenter* Olav Dalland

Jacobsen D.I. (2002) *Hvordan gjennomføre undersøkelser?* Dag Ingvar Jacobsen

Jacobsen. D.I. (2012) *Hvordan gjennomføre undersøkelser? – Innføring i samfunnsvitenskaplig metode 2. utgave* Dag Ingvar Jacobsen

Teigen, H. (1999) *Regional økonomi og politikk*. Oslo, Universitetsforlaget.

Vidar Ringstad (2006) *Offentlig økonomi og økonomisk politikk*

Masteroppgåver

Sturla Alvheim (1998) *En felles fremtid?* Hovudfagsoppgave UIB

Vibeke Edvardsen (2011) *Prosjektledelse* Masteroppgåve i økonomi ved universitetet i Agder

Rapportar:

Dahl R., Idsø J. (2015) *Ringvirkningsanalyse av oppdrettsnæringa i Sogn og Fjordane*. HISF rapport 1/14, versjon 2. Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Oslo economics, (2014) *Ringvirkninger av Oslo lufthavn*. OE-rapport 2014-19. Oslo Economics.

Rusten G. (2004) *Verdiskaping på Vestlandet*, [internett] SNF-Rapport Nr. 10, Bergen, Samfunn- og næringslivsforskning AS.

Sand, R. (2012) *Samfunnsmessige virkninger av lokale og regionale energiselskaper*. Rapport 2012:8. Steinkjer, Trøndelag Forskning og Utvikling.

Sand, Carlsson, Lurfald og Sivertsen (2014), *Samfunnsmessige virkninger av Lierne bakeri*. TFoU-rapport 2014:13. Steinkjer, Trøndelag Forskning og Utvikling AS.

Artiklar:

Kjærland, F. Mathisen, T. og Solvoll, G. (2012) Verdssetting av ringvirkninger [internett], Magma - econas tidsskrift for økonomi og ledelse. Tilgjengeleg frå:

<http://www.magma.no/verdssetting-av-ringvirkninger>

[Lest 26.feb]

Rødland G. (2004) *Vend selskapets innside ut – tilleggsinformasjon om verdiskaping* [internett], Idunn. Tilgjengeleg frå:

http://www.idunn.no/pof/2004/02/vend_selskapets_innside_ut_-_tilleggsinformasjon_om_verdiskaping

[Lest 27.april 2015]

ukjent (2014) Først med miljøvennlig landstrøm, *Maritim Magasin* 19.sep. 2014 [internett] Tilgjengeleg frå: <http://maritimt.com/nyheter/2014/forst-med-miljovennlig-landstrom.html>

[Lest 28.april 2015]

ukjent. (2015) Har fått godkjent ny yrkesfaglinje. *Firda*, 12.01.2015 [Internett] Tilgjengeleg frå: http://www.firda.no/Har_f tt godkjent_ny_yrkesfaglinje-5-15-22401.html

[Lest 5.mai 2015]

Nettsider:

Dale Vidaregåande skule (ukjent) *Skulen*[internett] Dale VGS. Tilgjengeleg frå:

[http://www.dale.vgs.no/cms/dale/cms.nsf/\\$all/D935D62620255822C12573370049F2AB?open&qm=wcm_1,2,0,0](http://www.dale.vgs.no/cms/dale/cms.nsf/$all/D935D62620255822C12573370049F2AB?open&qm=wcm_1,2,0,0)

[Lest 5.mai 2015]

HAFS Elektro & Rør AS (ukjent) *om oss*[internett] HAFS Elektro & Rør AS Tilgjengeleg frå:

<http://hafs-elektro.no/om-oss/>

[Lest 11.mai]

Hjørnesteinsbedrift (15.07.2014) *Store norske leksikon*[internett] Tilgjengeleg frå:

<https://snl.no/hj%C3%B8rnesteinsbedrift>

[Lest 19.feb 2015]

Hjørnesteinsverksemda Løland Verft (ukjent) *NRK Sogn og Fjordane leksikon*[internett]

Tilgjengeleg frå:

http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Hj%C3%B8rnesteinsverksemda_L%C3%B8land_Verft

[Lest 19.feb 2015]

Hyllestad Utviklingspark (2014) *Om oss*[internett] Hyllestad Utviklingspark. Tilgjengeleg frå:

<http://hyllestadutviklingspark.no/framside/om-oss/>

[Lest 2.mars 2015]

Idsø, J. (2014) *Eksterne virkninger*[internett], Store Norske Leksikon. Tilgjengeleg frå:

https://snl.no/eksterne_virkninger

[Lest 4.mars 2015]

KommuneProfilen (2013) *Arbeidsmarked, sysselsetting, pendling, benchmarking*[internett]

KommuneProfilen. Tilgjengeleg frå:

http://www.kommuneprofilen.no/Profil/Sysselsetting/Bench/syss_pend_bench.aspx

[Lest 26.mars 2015]

KommuneProfilen (2014) *Befolkning, befolkning siste år, benchmarking*[internett]

KommuneProfilen. Tilgjengeleg frå:

http://www.kommuneprofilen.no/Profil/Befolkning/Bench/bef_aar_bench.aspx

[Lest 11.mai 2015]

KommuneProfilen (2014) *Befolkning, innanlandske flyttinger, benchmarking*[internett]

KommuneProfilen. Tilgjengeleg frå:

http://www.kommuneprofilen.no/Profil/Befolkning/Bench/bef_flytt_bench.aspx

[Lest 26.mars 2015]

Kristoffersen J. T. (2014) *Folketalsutvikling*[internett] Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Tilgjengeleg frå:

[http://www.sfj.no/cmssff/cmsspublish.nsf/\\$all/0CCA4B75A85BC265C1257CA1004CA5A4](http://www.sfj.no/cmssff/cmsspublish.nsf/$all/0CCA4B75A85BC265C1257CA1004CA5A4)

[Lest 11.mai 2015]

MultiVolt (2015) *Om MultiVolt*[internett] Tilgjengeleg frå: <http://multivolt.no/om-oss/>

[Lest 29.april 2015]

Statistisk Sentralbyrå (19.feb.2015) *Folkemengde og befolkningsendringar, 4.kvartal 2014*[internett], SSB. Tilgjengeleg frå:

<http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkendrkv/kvartal/2015-02-19?fane=tabell&sort=nummer&tabell=218463>

[Lest 29.feb 2015]

Statistisk Sentralbyrå (ukjent) *Middelfolkemengde*[internett] SSB. Tilgjengeleg frå:

<http://www.ssb.no/a/metadata/conceptvariable/vardok/2436/nb>

[Lest 14.05.2015]

http://www.hig.no/biblioteket/oppgaveskriving/ordliste_oppg

<http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&bokmaal=+&ordbok=bokmaal>

<http://www.proff.no>

<http://sokogskriv.no/>

<http://www.spillteori.no/>

Vedlegg nr. 1: Intervjuguide til Havyard Leirvik

Våre namn er Daniel Einen, Silje G. Hatlem og Belinda C. Einen. Vi går på tredje året økonomi og administrasjon ved høgskulen i Sogn og Fjordane.

Vi skriv bacheloroppgåve, der vi har vald å skrive om kva regionaløkonomiske konsekvensar Havyard Leirvik har, og kva sysselsettinga på Havyard har å sei for etterspurnaden i bu- og arbeidsområdet rundt.

Vi ynskjer å intervjuje ein talsperson for Havyard Leirvik for å nytte datamateriale i vår bacheloroppgåve. Slik at vi lettare kan sjå omfanget av verksemda og nytte dette i våre vurderingar om korleis verftet påverkar omgjevnadane rundt.

Intervju vil bli sendt via e-post eller haldt ansikt til ansikt.

Respondentens namn og stilling: _____

Dato: _____

Spørsmål

- 1) Kor mange sysselsette har Havyard i dag?
- 2) Kor mange av desse er vekependlarar/sesongarbeidarar?
- 3) Kor mange er busett i Hyllestad/HAFS?
- 4) Blir det kjøpt delar eller tenester frå HAFS området?
- 5) Har dykk konsulenttenester frå aktørar i HAFS?
- 6) Har dykk ein strategi for samfunnsansvar, i so fall kva går den ut på?
- 7) Kor mykje betaler dykk i eigedomsskatt?

Takk for at dykk tok deke tid til å svare på undersøkinga!

Vedlegg nr. 2: Intervjuguide offentlig sektor

Våre namn er Daniel Einen, Silje G. Hatlem og Belinda C. Einen. Vi går på tredje året økonomi og administrasjon ved høgskulen i Sogn og Fjordane.

Vi skriv bacheloroppgåve, der vi har vald å skrive om kva regionaløkonomiske konsekvensar Havyard Leirvik har, og kva sysselsettinga på Havyard har å sei for etterspurnaden i bu- og arbeidsområdet rundt.

Vi ynskjer å intervju ein talsperson for Hyllestad kommune for å nytte datamateriale i vår bacheloroppgåve. Slik at vi lettare kan sjå omfanget, og nytte dette i våre vurderingar om korleis verftet påverkar omgjevnadane rundt.

Intervju vil bli sendt via e-post eller haldt ansikt til ansikt.

Dato: _____

Spørsmål om bedrifta:

- 1) Kva syntes Hyllestad om drifta av Havyard pr. dags dato?
- 2) Trur du Havyard Leirvik vil halde seg konkurransedyktige i framtida?
- 3) Kva konsekvensar trur du ei eventuell avvikling av verftet vil ha og seie for (Hyllestad) HAFS + Høyanger?
 - Vil det ha noko å sei for tilflytting, evt. fare for fråflytting. Etterspørsel frå hushald osv.?

Spørsmål knytt til ringverknadene til bedrifta:

- 1) Fører bedrifta til aktivitet i den offentlege sektor?
 - auking i det offentlege pga. netto tilflytting og innbyggartilskot i inntektssystemet for kommunen, skatte- og avgiftsinntekter?
- 2) Støtte lokalt, i form av sponsing/støtte?

Takk for at dykk tok dykk tid til å svare på undersøkinga!

Vedlegg nr. 3: Intervjuguide til lokale bedrifter

Våre namn er Daniel Einen, Silje G. Hatlem og Belinda C. Einen. Vi går på tredje året økonomi og administrasjon ved høgskulen i Sogn og Fjordane.

Vi skriv bacheloroppgåve, der vi har vald å skrive om kva regionaløkonomiske konsekvensar Havyard Leirvik har, og kva sysselsettinga på Havyard har å sei for etterspurnaden i bu- og arbeidsområdet rundt.

Vi ynskjer å intervjuje lokale bedrifter for og finne ut kva tankar dei har om framtidsutsiktene til Havyard og korleis dei sjølv drar fordelar av og ha ei stor lokal verksemd i nærmiljøet.

Intervju vil bli sendt via e-post eller haldt ansikt til ansikt.

Dato: _____

Anonymitet i undersøkinga:

Respondenten kan sjølv velje om han/ho ynskjer å være anonym i undersøkinga. I behandlinga av datamaterialet og framstilling av resultatata vil det ikkje nyttast namn eller andre opplysningar som kan sporast tilbake til respondenten, dersom respondenten vel og vere anonym.

Kort om respondenten

- 1) Type verksemd:
- 2) Lokalitet (ikkje svar dersom du ynskjer og vere anonym):
- 3) Har du/dykk noko samarbeid eller økonomiske avtalar med Havyard?

Spørsmål

- 1) Kva syntes du om drifta av Havyard pr. dags dato?
- 2) Trur du Havyard Leirvik vil halde seg konkurransedyktige i framtida?
- 3) Kva konsekvensar trur du ei eventuell avvikling av verftet vil ha og seie for HAFS?
- 4) Har vekst og nedgangsperiodar på Havyard økonomiske konsekvensar for verksemda di?
- 5) Påverkar Havyard di bedrift på nokon måte?

Takk for at dykk tok dykk tid til å svare på undersøkinga!